



# Høgskulen på Vestlandet

## Masteroppgave i samhandling og folkehelsearbeid

MS1-307-MA-2024-VÅR-FLOW assign

### Predefinert informasjon

**Startdato:** 01-05-2024 09:00 CEST  
**Sluttdato:** 15-05-2024 14:00 CEST  
**Eksamensform:** Masteroppgave  
**Termin:** 2024 VÅR  
**Vurderingsform:** Norsk 6-trinns skala (A-F)  
**Flowkode:** 203 MS1-307 1 MA 2024 VÅR  
**Intern sensor:** (Anonymisert)

### Deltaker

**Kandidatnr.:** 102

### Informasjon fra deltaker

**Antall ord \*:** 24930

**Egenerklæring \*:** Ja

Jeg bekrefter at jeg har Ja registrert oppgavetittelen på norsk og engelsk i StudentWeb og vet at denne vil stå på vitnemålet mitt \*:

Jeg godkjenner avtalen om publisering av masteroppgaven min \*

Ja

Er masteroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved

Nei

Er masteroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller of

Nei



# MASTEROPPGÅVE

*«Ikke berre vere saman, men snakke saman»*

Ein kvalitativ studie om minoritetsforeldre sine erfaringar med ICDP-programmet i obligatorisk foreldrereettleiing.

A qualitative study about minority parents' experiences with the ICDP programme in mandatory parental guidance.

Kandidatnummer: 102

Namn: Kine Øvstetun

MS1-307 Master i samhandling og folkehelse

Høgskulen på Vestlandet

Rettleiar: Kari Bergset

Innleveringsdato: 15.05.2024

Tal ord: 24 930

## LITEN GUT FORTEL

Eg fekk det ordet  
eg var tverr  
og lei og vrang  
og sky og skjerr.

Eg ikkje anna  
høyre fekk,  
og sturen var eg  
kvar eg gjekk.

Visst er eg vrang  
og vond og sur,  
men eg må vera  
slik dei trur.

Så hende det  
ein vakker dag,  
at all ting fekk  
eit anna lag.

Igjennom veggen  
høyre eg  
at nokon tala  
godt om meg.

Eg ville ikkje  
lyde på,  
men stilte meg  
så lett på tå -

og høyre før  
eg smeit meg ut:  
«han er så grei  
og gild ein gut».

Eg kvakk litt til,  
men vart så glad  
då eg fekk høyre  
kva dei sa.

Eg gøymde meg  
og sto og gret,  
men alt ikring  
vart ljost på let.

Og midt i gråten  
tenkte eg,  
at når dei trur  
så godt om meg

då skal eg jammen  
syne dei  
at eg kan vera  
god og grei.

Dei godord gjorde  
dagen bjart,  
å du, kor hjartevarm  
eg vart!

(Jan-Magnus Bruheim,  
«Doggmorgen og andre  
barnerim», 1977)

## Føreord

Først og fremst vil eg takke informantane som deltok i studien. Utan dykk ville det ikkje vore mogleg å gjennomført denne studien. Eg er imponert over kor opne, ærlege og villige de har vore til å dele erfaringane dykkar med meg. Det har vore så spennande og gjevande å få høyre alle dei ulike historiene dykkar!

Eg vil rette ein stor takk til arbeidsplassen min som har gitt meg moglegheit til å ta vidareutdanning. Arbeidsplassen har i stor grad lagt til rette for at eg har kunna prioritere å arbeide med masteroppgåva i tillegg til 100% jobb, noko eg set svært stor pris på! Takk til supre medarbeidarar i tiltaksteamet som alle har vore støttande, tolmodige og veldig gode og hatt til å diskutere relevante tematikkar med undervegs. Eit fantastisk team som eg er så heldig å vere ein del av kvar dag!

Ein takk går også til familie og vener som særskilt har måtte halde ut med til tider endelaus klaging og frustrasjon når ting har butta i mot. Spesielt takk til Anders, Kaia og Alma der heime, som har måtta hanskast med ei tidvis forvirra og fråverande kone og mor. Og takk til svigermor for god hjelp og korrekturlesing. De har vore den beste heiagjengen, og har alltid oppmuntra meg til å halde fram - både i medvind og motvind. Eg er så glad i dykk alle!

Sist, men ikkje minst, vil eg takke Kari Bergset, min fantastisk dyktige rettleiar ved HVL. Eg er så glad for at eg fekk høve til å få deg som rettleiar. For det var heller ikkje sjølv sagt. Du tok på deg oppdraget etter mitt ynskje, noko eg er takksam for! Tusen takk for utruleg mange kjekke og inspirerande samtalar med deg langs denne reisa. Ei reise som har vore både inspirerande, lærerik... og tidvis pitte litt frustrerande. Rolla di har hatt stor, positiv innverknad på mitt prosjekt og særskilt min motivasjon undervegs i arbeidet. Når eg har gått meg vill, har du stadig fått meg tilbake på rett spor og samstundes gitt meg ny tru på at eg skal kome i hamn på ein god måte. Tusen hjarteleg takk for at du har delt av din uendelege kunnskap på feltet, og den uvurderleg gode støtta du har gitt meg!

HVL, 15.05.2024

Kine Øvstetun

## Samandrag

**Bakgrunn:** Foreldrerettleiing vart ein obligatorisk del av introduksjonsprogrammet i 2021, der International Child Development Programme (ICDP) ofte er valt som eigna rettleiingsmetode. Kommunane står ansvarlege for å utøve desse foreldrerettleiingskursera til minoritetsforeldre i medhald av Integreringsforskriften (2021, §3).

**Føremål:** Hensikten med denne studien var å skaffe meir kunnskap om minoritetsforeldre sine erfaringar med obligatorisk foreldrerettleiing, der ICDP-programmet er nytta som metode. Hensikten var også å finne ut i kva grad foreldrerettleiinga eventuelt kan ha påverka deira foreldrerolle. Samstundes bidreg studien til at ein får meir innsikt i minoritetsforeldra sitt møte med den norske kulturen generelt, der kulturskilnader er eit tema det særskilt vert sett lys på.

**Metode:** Studien har hatt eit kvalitativt forskingsdesign med semi-strukturert intervju som datainnsamlingsmetode. Utvalet består av 6 informantar som vart intervjuja; to par og to individuelle. Intervjua vart transkriberte til skriftleg form, og funna vart analyserte etter Malterud sin systematiske tekstkondensering. Vidare vart funna drøfta i lys av relevant teori og tidlegare forskning.

**Resultat:** Informantane skildra kommunikasjonen gjennom ICDP-kurset som enkel og forståeleg, og kjende seg ivaretekne undervegs. Nokre formidla at det var godt å ha rettleiar som samtalepartner i ei krevjande tid, og at dei kunne snakke om barna, familien, noverande situasjon og eventuelle bekymringar dei hadde. Informantane skildra kurset som nyttig og lærerikt, og såg generelt positivt på å delta på kurset sjølv om nokre var skeptiske til det obligatoriske aspektet ved kurset i starten. Informantane formidla at dei lærte mykje om den norske kulturen og barneoppseding i ein norsk kontekst. Informantane sette ord på kulturskilnader som: lover og kultur, barneoppseding, barnevern, saknet av storfamilien, barnehage og utdanning. Informantane fortalte om fleire positive endringar som følgje av kurset, som; betra kommunikasjon og relasjon, betra tid og tolmod i møte med borna, nye rutinar, samt bevisstgjeriing av eigen foreldrepraksis.

**Konklusjon:** Studien stadfestar tidlegare forskning på feltet, og kan med dette indikere at

ICDP-kurset har hatt positiv innverknad på deltakarane, trass i at det er obligatorisk. Det vil likevel vere føremålstenleg å kontinuerleg evaluere målsetjinga til kurset opp mot praksis, for å best kunne ivareta framtidige deltakarar samt forbetre ICDP-programmet.

## Abstract

**Background:** Parental guidance became a mandatory part of the introduction programme in 2021, where the International Child Development Programme (ICDP) is often chosen as method. The municipalities are responsible for teaching the ICDP-courses to minority parents in accordance with Integreringsforskriften (2021, §3).

**Purpose:** The purpose of this study was to obtain more knowledge about minority parents' experiences with compulsory parental guidance, where the ICDP program is used as a method. The purpose was also to find out to what extent the parental guidance may have affected their parental role. At the same time, the study contributes to gaining more insight into the minority parents' encounter with Norwegian culture in general, where cultural differences are particularly highlighted.

**Method:** This study has had a qualitative research design, with semi-structured interviews as a data collection method. The selection consists of six informants who were interviewed; two couples and two individuals. The interviews were transcribed into written form, and the findings were analysed by Malterud's systematic text condensation. Findings from the analysis were further discussed according to relevant theory and previous research.

**Results:** The informants described communication throughout the ICDP course as simple and understandable, and they felt safeguarded along the way. Some explained that it was good to have a facilitator as a conversation partner through a demanding life situation, and the fact that they could talk about the children, the family, the current situation and any concerns they had. The informants described the course as useful and educational, and generally viewed the course positively even though some informants at first was skeptical to the fact that the course was mandatory. The informants explained that they learned a lot about Norwegian culture and child upbringing in a Norwegian context. The informants put

words to cultural differences such as: laws and culture, child upbringing, child welfare services, kindergarten, education and their loss of the extended family. The informants stated that there were several positive changes as a result of the course such as; improved communication and interaction, better time and patience in encounters with their children, new routines, as well as awareness of their own parenting practices.

**Conclusion:** This study confirms previous research in this area and may indicate that the ICDP-course had positive impact on the participants, despite that it has become mandatory. However, it will be appropriate to evaluate continuously for the benefit of future participants and to improve the ICDP-course.



# Innholdsliste

<b>1. Innleiing</b> .....	<b>1</b>
1.1 Introduksjon til tema .....	1
1.2 Bakgrunn for val av tema .....	2
1.3 Problemstilling .....	3
1.4 Førebyggjande arbeid .....	3
1.5 Foreldrestøttande tiltak .....	4
<b>2. ICDP – opphav, utvikling, struktur og gjennomføring</b> .....	<b>5</b>
2.1 Opphavet til og utviklinga av ICDP .....	5
2.2 Programmet si oppbygging og innhald .....	6
2.3 Gjennomføring og struktur for møta .....	9
2.4 Rettleiarrollen .....	10
<b>3. Teori</b> .....	<b>11</b>
3.1 Kultur som omgrep .....	11
3.2 Ulike måtar å forstå kultur på – evolusjonistisk, relativistisk og kontekstuell kulturforståing .....	12
3.3 Individualistisk og kollektivistisk kultur: samfunnsskilnader i sterke og svake statar ....	14
3.4 Forandringsteori – akkulturasjon.....	16
<b>4. Tidlegare forskning</b> .....	<b>18</b>
4.1 Forskingslitteratur om ICDP .....	18
4.2 Minoritetsforeldre og barnevern .....	21
<b>5. Vitskapsteoretisk forankring</b> .....	<b>22</b>
5.1 Fenomenologi .....	23
5.2 Hermeneutikk .....	23
5.3 Forforståing, horisontsamansmelting og spenninga mellom fenomenologi og hermeneutikk.....	24

5.4 Fenomenologisk-hermeneutisk vitenskapsteoretisk perspektiv og relevans for studien..	25
<b>6. Metode .....</b>	<b>25</b>
6.1 Kvalitativt forskningsdesign .....	26
6.2 Utval .....	26
6.3 Rekruttering .....	27
6.4 Intervju som datainnsamlingsmetode .....	27
6.5 Tema som kom fram gjennom tre av fire intervju utanfor intervjuguiden .....	28
6.6 Bruk av tolk .....	29
6.7 Transkribering og analyse .....	29
6.8 Studiens validitet, reliabilitet og generaliserbarheit .....	34
6.9 Forskingsetikk og eigen rolle som forskar.....	36
<b>7. Resultatpresentasjon.....</b>	<b>37</b>
7.1 Om oppleving av møta med rettleiar og sjølve ICDP-kurset.....	38
7.1.1 Oppleving av kommunikasjon og ivaretaking i møta med rettleiar .....	38
7.1.2 Tankar om kurset i førekant og kursinnhald .....	39
7.1.3 Bevisstgjerjing av eigen foreldrepraksis .....	41
7.2 Bevisstgjerjing av skilnader i samfunnssystem og kultur .....	43
7.2.1 Samfunnssystem.....	43
7.2.2 Oppseding.....	44
7.2.3 Storfamilien og kjønnsroller .....	45
7.2.4 Barnevern .....	46
7.3 Rapporterte endringar i foreldrepraksis .....	48
7.3.1 Kommunikasjon- og relasjon .....	48
7.3.2 Nye rutinar.....	51
<b>8. Diskusjon.....</b>	<b>52</b>
8.1 Minoritetsforeldre sine erfaringar med obligatorisk ICDP-rettleiing .....	53

8.2 Skilnader i kultur og samfunnsforhold og konsekvensar for foreldrerolla.....	57
8.2.1 Samfunnssystem.....	58
8.2.2 Barnevernet.....	59
8.2.3 Skilnader i barneoppseding.....	60
8.3 Rapporterte endringar i foreldrepraksis som følgje av ICDP-kurset.....	62
8.3.1 Konkrete påverknader på foreldrerolla.....	62
8.3.2 Betydninga av individuell rettleiing.....	64
<b>9. Oppsummering og implikasjonar for praksis og vidare forskning.....</b>	<b>65</b>
<b>Litteraturliste.....</b>	<b>67</b>

Vedlegg 1: Godkjenning frå Sikt

Vedlegg 2: Informasjonsskriv

Vedlegg 3: Intervjuguide

## Liste over figurar og tabellar

**Figur 1:** ICDP-huset, Håndbok for veiledere (Egebjerg et al., 2016, s. 73). S. 8.

**Figur 2:** Framework for examining acculturation strategies and expectations in ethnocultural groups and larger society (Berry, 2022, s. 5). S.17.

# 1. Innleiing

*«Eg kan sei det no med ein gong at vi har blitt nærare kvarandre....(...) no er det slik at vi snakkar saman med kvarandre, og ikkje berre er saman».*

Dette uttalar ei av mødrene som er intervjuja i denne studien om sine erfaringar med obligatorisk foreldrerettleiing, og korleis det har påverka foreldrerolla hennar.

Eg vil starte kapittelet med å introdusere temaområdet i oppgåva. Vidare i kapittel 1.2 og 1.3 vil eg presentere bakgrunn for val av tema og problemstilling. Gjennom 1.4 tek eg kort føre meg temaet førebyggjande arbeid. I 1.5 gjer eg greie for temaet foreldrestøttande tiltak.

## 1.1 Introduksjon til tema

Dei siste åra har det vore auka merksemd på foreldrestøtte i offentlege styringsdokument, der International child development programme (ICDP) er hyppig nemnt. Førre regjering sin strategi for foreldrestøtte, «Trygge foreldre – trygge barn» (2018-2021) har som mål å gje kommunane eit likeverdig tilbod i form av å tilby foreldrestøtte. ICDP blir framheva i strategien, og er nemnd fleire gonger enn noko anna tiltak (Barne- og likestillingsdepartementet, (2018-2021), s. 11-12).

Ein vestlandskommune etablerte hausten 2021 eit nytt kommunalt lågterskeltiltak knytt til foreldrerettleiing for familiar (foreldre) med landebyte. Lågterskeltiltaket, heretter kalla *tiltaket*, er organisatorisk lagt inn under barnevernet si tiltaksavdeling, men er ikkje ein del av den ordinære barnevernstenesta. Tilbodet er eit tiltak knytt opp mot foreldre og familiar med landebyte, der tiltaka rettar seg mot informasjon og rettleiing i foreldrerolla i ein norsk kontekst for å skape trygge foreldre som kan gje borna ein god oppvekst, og dermed fremje integrering. Tiltaket ivaretek også kommunen sitt ansvar for kurs i foreldrerettleiing i medhald av integreringslova. Foreldrerettleiing vart ein obligatorisk del av introduksjonsprogrammet i 2021, og ICDP-programmet er ofte valt som eigna foreldrerettleiingsmetode, sjølv om den enkelte kommune står fritt til å velje

(Integreringsforskriften, 2021 §3). Rettleiinga blir gitt både individuelt og i grupper, og ein samarbeider med blant andre flyktingtenesta som tilviser foreldre til obligatorisk rettleiing i tiltaket. Foreldre som ikkje er pålagde obligatorisk rettleiing kan også motta rettleiing, men skal då verte inkluderte i tilvisingsprosessen med samtykke. Rettleiingsmetoden som blir nytta er ICDP. Tiltaket tilbyr også samtalar til dei som har behov ut over kurset.

ICDP er eit primærførebyggjande/helsefremmande foreldrerettleiingstilbod til alle foreldre med born i alderen 0-18 år, og har som mål å førebyggje psykososiale vanskar blant born og unge gjennom å styrke relasjonen mellom foreldre og born (ICDP, 2022). Gjennom ICDP kan ein også fange opp foreldre som har større utfordringar enn andre, og slik betre kunne bistå med tidleg hjelpeinnsats. For omsorgsgjevarar som er nye i Noreg kan ein ved hjelp av ICDP byggje bru mellom foreldras tradisjonelle omsorgsverdiar og dei verdiane dei møter i det norske samfunnet. Eit anna mål med ICDP er å gje god nok informasjon og kunnskap om barneoppseding i ein norsk kontekst, slik at foreldra kan få fleire perspektiv i si rolle som omsorgsperson (Egebjerg et al., 2016, s. 12).

## 1.2 Bakgrunn for val av tema

Eg er sjølv sertifisert ICDP-rettlear, og finn det svært gjevande og spanande å utøve foreldrerettleiing knytt til denne gruppa foreldre. I og med at foreldrerettleiinga er obligatorisk for alle nykomne flyktingar, vil det vere føremålstenleg å finne ut kva erfaringar dei generelt har hatt med ICDP i grupperettleiing eller individuell rettleiing. Ved hjelp av slike tilbakemeldingar kan ein også finne ut kvar ein som rettleiar har forbettringspotensiale, og om ein må gjere endringar undervegs. Obligatorisk foreldrerettleiing og foreldra sjølve sine erfaringar knytt til det, har vekt interessa mi. Eg meiner det er behov for meir forskning på dette feltet, noko eg vil eg komme tilbake til i kap. 4. Forskingsprosjektet mitt vil såleis omhandle minoritetsforeldre, og deira erfaringar med ICDP som eit førebyggjande, obligatorisk program.

### 1.3 Problemstilling

Med utgangspunkt i bakgrunn for val av tema har eg utvikla følgjande problemstilling:

**«Kva erfaringar har minoritetsforeldre med obligatorisk ICDP-retteiing, og korleis har det påverka deira foreldrerolle?»**

### 1.4 Førebyggjande arbeid

Ifylgje Javò (2010) har ikkje førebyggjande arbeid ein eintydig definisjon. Kort skildra omhandlar omgrepet at ein står ovanfor to perspektiv; det sjukdomsførebyggjande og det helsefremmande perspektivet. Ifylgje det første handlar førebygging om å eliminere eller avgrense ei ikkje ynskja utvikling eller redusere skade og dødelegheit. Det andre perspektivet handlar om å fremje livskvalitet, overskot og meistring (Javò, 2010, s. 216).

Førebyggingsarbeid kan delast inn i primær-, sekundær-, og tertiærførebygging.

Primærførebygging har som føremål å forhindre at problem oppstår, og kan omfatte ulike tiltak og prosjekt som gjeld heile befolkninga eller uselekterte grupper.

Sekundærførebygging rettar seg mot identifiserte risikogrupper, til dømes ungdom frå belasta miljø. Tertiærførebygging inneber innsats retta mot allereie belasta individ, og går ut på å motverke ei forverring av problema. Tertiærførebygging vert ofte nytta synonymt med rehabilitering (Javò, 2010, s. 217).

I dette prosjektet avgrensar eg det førebyggjande arbeid til det helsefremmande perspektivet, der ein har som mål å fremje livskvalitet, overskot og meistring. ICDP-retteiing vil slik bli primærførebyggjande, då ein har som mål å informere deltakarane om barneoppseding og norsk lovverk så tidleg som råd etter dei er komne til landet, slik at ein lettare kan bli informert, integrert og forhindre at problem oppstår. Dette er i tråd med Folkehelsemeldinga (2022-2023) der målet har vore at alle kommunar utviklar ein effektiv folkehelsestrategi som skal sikre effektive tiltak for å fremje helse og jamne ut sosiale forskjellar. Folkehelse blir bygd i nærmiljø og lokalsamfunn gjennom gode kommunale tenester (Meld. St. 15 (2022-2023), s. 116).

## 1.5 Foreldrestøttande tiltak

Kommunane er den viktigaste aktøren i å gje støtte til foreldra, og det er dessverre slik at tilbod og bruk av enkeltprogram som ICDP varierer mellom ulike tenester og kommunar i landet. Eit mål med strategien for foreldrestøtte er at tilbodet skal bli meir likeverdig, og at alle kommunar skal kunne tilby kvalitetssikra foreldrestøtte. Staten forvaltar fleire tilskotsordningar for å kunne stimulere til foreldrestøttande tiltak i kommunane (Barne- og likestillingsdepartementet, (2018-2021), s. 11).

Det er foreldra sitt ansvar å gje barna tryggleik, omsorg og kjærleik. Foreldra skal kunne gje barna kjenslemessig støtte, sørge for dei ulike behova barna har, samt utvikle gode relasjonar til dei. Gjennom gode samspel med foreldra får barna eit godt fundament dei kan utvikle seg på for å leve gode liv, bli rusta til å takle motgang og etter kvart kunne klare seg sjølv. Alle barn skal ha moglegheit til utvikling uavhengig av foreldra og familien sitt utgangspunkt, og for å førebygge at barn veks opp med mangelfull eller skadeleg omsorg, kan foreldre få informasjon og bistand gjennom foreldrestøtte (Barne- og likestillingsdepartementet, (2018-2021), s. 11).

Den tidlegare regjeringas strategi for foreldrestøttande tiltak definerer foreldrestøtte som alle typar støtte som kan bistå og styrke foreldre i foreldrerolla. ICDP er hyppig nemnt og utbreidd i Noreg, og blir brukt i ei rekke samanhengar. ICDP baserer seg på myndiggjering blant deltakarane, og er godt motteke av blant anna minoritetsforeldre (Barne- og likestillingsdepartementet, (2018-2021), s-12-18). Det å vere ny i Noreg kan ofte by på ein del utfordringar, då foreldrerolla i Noreg kan vere svært ulik foreldrerolla i landet dei har flytta frå. Det at Noreg set barn sine rettar høgt, og at ein til dømes forbyr fysisk straff, kan føre til usikkerheit og misforståingar blant mange innvandrarakar som har vakse opp under heilt andre vilkår. Vidare kan foreldrerolla bli påverka av flukt, traume, språkbarrierar, lite kjennskap til norsk samfunn og manglande sosialt nettverk (Barne- og likestillingsdepartementet, (2018-2021), s. 26). Det er gjennom brubyggjardelen av ICDP, også kalla minoritetsversjonen, at deltakarane går gjennom tema knytt til det norske samfunnet, barns rettar og norsk lov. Det er sensitive tema ein rører ved, blant anna oppdragarvald, kjønnslemlesting og barnevern. Det kan difor vere ein tryggleik at ein nyttar oppmøtetolk som snakkar morsmålet til deltakarane. Gjennom programmet går ein også

gjennom kulturforskjellar; likskapar og ulikskapar i omsorg og oppseding (Egebjerg et al., 2016, s. 122). Dette vil eg komme tilbake til i kapittel 3.

## 2. ICDP – opphav, utvikling, struktur og gjennomføring

Gjennom kapittel 2.1 vil eg presentere opphavet og utviklinga til ICDP, medan eg i 2.2 presenterer oppbygginga og innhaldet i sjølve programmet. I 3.1 gir eg ei innføring i gjennomføring og struktur for møta, før eg gjennom 2.4 avsluttar kapittelet med å utdjupe betydninga av rolla som rettleiar.

### 2.1 Opphavet til og utviklinga av ICDP

ICDP er utvikla av psykologiprofessorane Karsten Hundeide og Henning Rye. I 1980 la dei grunnlaget for organisasjonen International Child Development Programme, ICDP. ICDP er eit enkelt samfunnsorientert program som har som mål å støtte og fremje psykososial omsorgskompetanse hjå omsorgsgjevarar og menneske som har ansvar for barns omsorg (Hundeide, 2005, s. 9).

ICDP er utvikla med grunnlag i forskning om den psykologiske utviklinga hjå barn, og vektlegg samspel og assistert læring. Eit hovudpoeng i ICDP-programmet er å fremje omsorgsgjevar si oppleving av barnet som person og medmenneske, slik at hen kan bruke si innlevingsevne til å forstå barnet sine haldningar og handlingar «innanfrå» (Hundeide, 2001, s. 14-15).

Hundeide (2001) skriv at utgangspunktet for ICDP-programmet er at menneske er fødde som sosiale vesen, og at ein allereie som spedbarn søker kontakt og utvikling saman med andre menneske. Imøtekjem ein dette kontaktbehovet på ein positiv og sensitiv måte, ser ein teikn både på glede og tilfredsheit både hjå barn og omsorgsgjevar (Hundeide, 2001, s. 17).

I Noreg er programmet vorte kjent gjennom det nasjonale Foreldreveiledningsprogrammet, som starta i 1995 under leiing av Barne- og familiedepartementet. ICDP-programmet sitt materiale vart sendt ut til alle kommunar, og systematisk undervisning vart gjennomført i ulike fylke (Rye, 2002, s. 239). ICDP finst per dags dato i over 50 land i verda (ICDP, 2020).



ICDP-programmet presenterer seg som kulturelt ope. Det inneber at ein legg hovudvekta på å aktivere allereie eksisterande omsorgsmønster, og forsøker å fortolke desse mønstra innanfor ramma av dei normative førestillingane og verdiane som er framtrudande i foreldra sin kulturelle bakgrunn (Hundeide, 2005, s. 22). ICDP si målgruppe er alle foreldre og andre omsorgsgjevarar, med norsk bakgrunn, annan kulturell bakgrunn eller som er nye i Noreg. Ein kan nå ICDP-programmet via primærhelsetenesta, barnehagen, skulen, introduksjonsprogrammet, krisesenter eller frivillige organisasjonar (ICDP, 2020).

## 2.2 Programmet si oppbygging og innhald

Målsetjinga med ICDP er å sensitivisere omsorgsgjevarar og understøtte deira naturlege samspel med barnet, som ein reknar som viktig for å fremje barnet si positive utvikling og tilpassing. Samtidig legg ICDP vekt på å understøtte omsorgsgjevar si sjølvoppfatning og tru på si eiga evne til å oppdra barnet. Fremjar ein eit positivt kjenslemessig samspel mellom omsorgsgjevar og barn, vil omsorgsgjevar kunne vise sensitivitet for barnet sine initiativ, både emosjonelt, ekspressivt og praktisk (Hundeide, 2001, s. 41). Hundeide (2001) skriv om viktigheita av empatisk identifikasjon. I ei sone av intimitet med våre næraste, er det dei som står på innsida av denne vi er glade i og som står oss nær. Dei er ein del av familien, noko som betyr at vi medopplever andre sin tilstand, kjensler, hensikter og behov og handlar deretter. Det er dette Hundeide (2001) kallar for empatisk identifikasjon. Empatisk identifikasjon føreset at foreldre er emosjonelt tilgjengelege, viser empati og identifiserer seg med eller deltek i barnet si oppleving. Dette utgjer ein viktig del av ICDP-programmet (Hundeide, 2001, s. 19-21).

Programmet tek føre seg åtte tema som skal leie til godt samspel med barn, og er tenkt som eit middel til bevisstgjerjing og eigenaktivering for å gje foreldre moglegheiter for å tilpasse omsorga (Hundeide, 2001, s. 49). Dei åtte temaa for godt samspel er sjølv innhaldet i samtalegruppene eller i dei individuelle samtalan. Dei er meinte som ei påminning om og utgangspunkt for å aktivere erfaringar som dei fleste foreldre allereie har, men som kan verte gløynde eller komme i bakgrunnen grunna ein hektisk og stressande kvardag (Hundeide, 2005, s.17). Dei åtte temaa er delt opp i tre dialogar, som føreset at ein har empatisk identifikasjon med barnet: 1) Den emosjonelle og ekspressive dialogen, 2) Den

meningsskapande og utvidande dialogen, og 3) Den regulerande og grensesettjande dialogen (Hundeide, 2005, s. 15-16).

Den emosjonelle og ekspressive dialogen inneheld tema 1-4, og har fokus på utvikling av tryggleik og tillit. Den meningsskapande og utvidande dialogen inneheld tema 5-7, og har fokus på å skildre og forklare røynda for barnet. Den regulerande dialogen består av tema åtte som er inndelt i fire underelement, og har fokus på korleis barnet kan støttast i gradvis sjølvregulering, hjelp til å utvikle sjølvkontroll, samt føresjå konsekvensar av handlingane sine (Egebjerg et al., 2016, s.61-75).

**Tema 1:** Vis positive følelser – vis at du er glad i barnet ditt

**Tema 2:** Juster deg til barnet og følg dets initiativ

**Tema 3:** Snakk til barnet ditt om ting det er opptatt av, og prøv å få i gang en «følelsemessig samtale»

**Tema 4:** Gi ros og anerkjennelse for det barnet klarer å gjøre

**Tema 5:** Hjelp barnet til å samle sin oppmerksomhet, slik at dere har felles opplevelse av ting i omgivelsene

**Tema 6:** Gi mening til barnets opplevelse av omverdenen ved å beskrive det dere opplever sammen og ved å vise følelser og entusiasme

**Tema 7:** Utdyp og gi forklaringer når du opplever noe sammen med barnet ditt

**Tema 8:** Hjelp barnet ditt å kontrollere seg selv ved å sette grenser for det på en positiv måte – ved å lede det, vise det positive alternativer og ved å planlegge sammen

**8 a)** Planlegge steg for steg


8 b) Gradert støtte

8 c) Situasjonsregulering

8 d) Positiv grensesetting

(Hundeide, 2001, s.45-47).

Åtte tema for godt samspel illustrert gjennom «ICDP-huset»:



Figur 1: ICDP-huset, Håndbok for veiledere (Egebjerg et al., 2016, s. 73).

## 2.3 Gjennomføring og struktur for møta

Gjennom rettleiing individuelt eller i gruppe, drøftar ein omsorgsgjevar sitt syn på barnet og dei åtte temaa for godt samspel. Innhaldet blir alltid tilpassa deltakar(ar), noko som betyr at ein tidvis legg meir vekt på nokre av dei åtte temaa enn andre. Det kan også vere aktuelt å repetere einskilde tema dersom deltakar(ane) ikkje har forstått budskapet (Egebjerg et al., 2016, s. 91).

Det finst to versjonar ved gjennomføringa av programmet; standardversjonen og minoritetsversjonen. Struktura for møta er relativt lik i begge versjonane, men minoritetsversjonen inneheld 12 møte til forskjell frå åtte i standardversjonen (Egebjerg et al., 2016, s. 93). Praksisen ved den aktuelle tenesta si gjennomføring av grupper har vore minimum åtte møte, altså standardversjonen. Ein har eventuelt lagt til fleire møte der ein har sett behov for å nytte meir tid på enkelte tema. Gjennom dei ulike møta blir det brukt ulike oppgåver innan observasjon, kommunikasjon og handling, der intensjonen er å få deltakarane til å reflektere over eigen praksis (Egebjerg et al., 2016, s. 95). Ved gjennomføring av ICDP-programmet er sensitivisering den grunnleggande rettleiingsmetoden. Det er konkretisert sju ulike prinsipp for sensitivisering som ein kan ta utgangspunkt i (Egebjerg et al., 2016, s. 94; Hundeide 2001, s. 51-60).

1. Etablere eit nært og tillitsfullt forhold til omsorgsgjevar.
2. Fremje ei positiv og utviklingsfremmande oppfatning av barnet.
3. Påpeike og stadfeste det positive som omsorgsgjevar allereie gjer.
4. Setje ord på kva som er godt samspel.
5. Aktivere omsorgsgjevar med utgangspunkt i oppfatning av barnet og *åtte tema for godt samspel*.
6. Dele erfaringar i gruppa/individuelt.
7. Bruke ei personleg og innlevande formidlingsform.

## 2.4 Rettleiarrollen

Enten rettleiing blir gjennomført individuelt eller i gruppe blir det viktig å ha fokus på å skape ei god atmosfære, der ein som rettleiar forsøker å etablere eit nært og tillitsfullt forhold til deltakar(ane). Korleis ein møter deltakarane allereie på første møte kan bli avgjerande for resten av møta (Egebjerg et al., 2016, s. 94). Eit vesentleg aspekt ved rettleiarrollen i ICDP er likeverdprinsippet, og rettleiar skal ikkje framstå som ein ekspert eller rådgjevar som veit betre. Oppgåva er derimot å aktivere deltakarane ved å invitere til samtale om erfaringar knytt til synet på barnet og dei åtte samspelstema (Egebjerg et al., 2016, s. 85). Ifylgje Hundeide (2001) har utgangspunktet for programmet vore at desto meir aktive deltakarane er ved å sjølv erfare i praksis, ved å skildre, syne og demonstrere, finne døme og diskutere og utveksle erfaring med andre, desto meir effektiv vil formidlinga og sensitiviseringa vere (Hundeide, 2001, s. 51). Det er såleis avgjerande at deltakarane kjenner seg trygge i relasjonen med rettleiar og andre deltakarar i gruppesamansetninga for å fungere aktivt og dele erfaringar med kvarandre.

Idealet er at rettleiar meistrar å innta ei aktivitetsorientert haldning til læring og sensitivisering, og at rettleiar er fasiliterande framfor instruerande. Ei fasiliterande tilnærming respekterer og gjev rom til deltakar sine eigne initiativ og aktivitet. Ein forsøker med dette å aktivere dei positive mønstra deltakar allereie har med sine barn og samstundes positivt påpeike og stadfeste dette gjennom programmet, for å gjere deltakar meir bevisst på sine samspelsmønster (Hundeide, 2001, s. 51). Som rettleiar vil dette ofte innebere å by på seg sjølv og eigne erfaringar for å få fram deltakarane sine erfaringar. Samstundes må rettleiar la deltakar få moglegheit til å vere aktiv, og legge vekk den tradisjonelle rettleiarrollen og heller innta ei meir lyttande og fasiliterande haldning. Likevel bør rettleiar ha ei rettleiande haldning der det er behov, så her handlar det om å finne ein balanse. Ei fasiliterande tilnærming føreset at rettleiar kan utvise respekt for deltakar sin stil, omsorgsrutinar og verdier. Ein skal ikkje gå inn for å gjere radikale endringar i deira praksis, men heller støtte opp om og bevisstgjere, *fasilitere*, sidene ved deira allereie eksisterande praksis som er særskilt viktige for barnet si positive utvikling innanfor samfunnet det skal tilpassast og vekse opp i (Hundeide, 2001, s. 51).

Rettleiarrollen vil alltid vere prega av kven ein er som person, eigen oppvekst og tidlegare

erfaringar. Ein grunntanke i opplæringa av rettleiarar har vore at rettleiar skal kunne få eit innanfrå-forhold til programmet: å vere eller å leve ut ICDP-praksisen i eige liv. For å få til dette må ein vere medviten og reflektere over eigne haldningar, verdiar, fordomar, oppvekst, erfaringar, kulturell bakgrunn og oppfatning av deltakarane (Egebjerg et al., 2016, s. 85).

## 3. Teori

I dette kapitlet presenterer eg teori for å best kunne forstå resultata i studien etter induktivt prinsipp (Malterud, 2017, s. 113). Eg vil gjennom kapittel 3.1 skildre kultur som omgrep. I kapittel 3.2 tek eg føre meg ulike måtar ein kan forstå kultur på gjennom evolusjonistisk, relativistisk og kontekstuell kulturforståing. I kapittel 3.3 presenterer eg samfunnsskilnader i sterke og svake statar, og går inn på individualistiske og kollektivistiske kulturskilnader. Teoridelen vert avslutta i 3.4 med temaet akkulturasjon, der eg syner til Berry sin modell for akkulturasjonsstrategiar.

### 3.1 Kultur som omgrep

Kultur blir definert på ei rekkje ulike måtar, og omgrepet si tyding kan ofte framstå diffust og uklårt. Sjølve definisjonen av kultur vart så tidleg som i 1871 føreslege av antropologen Edward Tylor:

*«Kultur, eller sivilisasjon, er den komplekse helhet som består av kunnskaper, trosformer, kunst, moral, jus og skikker, foruten alle de øvrige ferdigheter og vaner et menneske har tilegnet seg som medlem av et samfunn».*

(Sitert i Eriksen & Sajjad, 2015, s. 35).

Definisjonen til Tylor er framleis nyttig, sjølv om det i over hundre år har vore mange diskusjonar knytt til kva kulturomgrepet bør inkludere. Eit viktig poeng hjå Tylor var at skilnadane mellom folkeslaga ikkje var medfødde, men at dei skuldast at menneske som levde i ulike samfunn hadde skaffa seg ulike ferdigheiter og kunnskapar nettopp fordi samfunn og naturmiljø kravde det. Ein kan på eit generelt grunnlag sei at alt som er lært er

kulturelt, medan alt som er medfødd er naturleg (Eriksen & Sajjad, 2015, s. 35).

Ifylgje Eriksen og Sajjad (2015) er alle menneske like på eit svært generelt nivå. Vi har alle eit verbalt språk, og som menneske er vi sosiale i den forstand at det berre er gjennom kontakt med andre at vi lærer å bli menneskelege, ved å lære språk, sedar og skikkar, og forskjell på rett og gale. Samstundes er vi som menneske svært ulike og unike, og det er desse skilnadane vi kan snakke om som kulturelle. Innan ei og same kulturelle verd har ein gjerne eit felles språk, felles religion, erfaringar og moral. Dette skuldast fellestrekk i menneska si erfaringsverd. Samstundes blir det viktig å ha med seg at det kan vere store variasjonar innan eitt kulturelt univers. Har ein vakse opp i dei same miljøa, vil ein gjerne ha lært dei same normer for skikk og bruk, same verdiar og syn på rett og gale. Motsett vil dei som har vakse opp i ulike miljø kanskje ha ulike normer, ulike syn på rett og gale og så vidare. Skilnadar mellom menneske er ofte meir påtakelege mellom kulturane enn innan dei. Synspunkt som fokuserer på kultur og kulturskilnadar kan vere nyttige, og hjelpe oss å forstå skilnader og likskapar mellom menneske. Likevel må ein vere varsam med å nytte omgrepet, då ein kan risikere å gjere menneske meir ulike enn dei faktisk er (mellom kulturane) og meir like enn dei faktisk er (innan kulturane). Det kan til dømes vere store ulikskapar innan vår norske kultur, og tilsvarande mange likskapar mellom norske og ikkje-norske menneske (Eriksen & Sajjad, s. 33-34).

### 3.2 Ulike måtar å forstå kultur på – evolusjonistisk, relativistisk og kontekstuell kulturforståing

Det finst ulike perspektiv på kultur og kulturell utvikling som har påverknad på korleis vi forstår og samtalar om kultur. Eg vil her trekke fram Skytte (2019) si oversikt over tre sentrale perspektiv, eller måtar å forstå kultur på (Skytte, 2019, s. 20).

Den første vert kalla ei *evolusjonistisk* kulturforståing. Innan den evolusjonistiske kulturforståinga ser ein den kulturelle og samfunnsmessige utviklinga som at den berre går framover, og at den har kome lengst i dagens vesteuropeiske og nordamerikanske land. Ifylgje Skytte (2019) oppfattar ein då at nokre kulturar og samfunnsborgarar har eit utviklingsmessig fortrinn og slik ein legitim grunn til å tilby eller påtvinge «lågareståande» menneske og samfunn sine eigne sosiale og kulturelle verdiar, tradisjonar og normer. Er ein

høgre oppe på stigen, veit ein kva dei mindre utvikla, eller lågareståande er tente med. Døme på resultat av eit slikt syn kan vere behandling av minoritetsgrupper i Noreg, til dømes «taterar» (romanifolket) som i etterkrigstida vart utsette for grov diskriminering på ulike måtar (Skytte, 2019, s.20-21).

Det andre perspektivet er *relativistisk* kulturforståing. Denne tek ifylgje Skytte (2019) sikte på å forstå ulike samfunn, deira kulturelle skikkar og levemåtar på deira egne premisser, og at det finst fleire likeverdige løysingar på livets grunnleggande utfordringar (Skytte, 2019, s. 21-22). Utviklinga i ulike samfunn vert her ikkje vurderte etter same hierarki som i den evolusjonistiske forståinga, og blir slik sett ein motpol til denne. Derimot bygger den relativistiske kulturforståinga på ei oppfatning om at alle kulturar har sine egne unike historier og eigen indre logikk. Innan den kulturellevistiske forståinga forstår ein kulturar som avgrensa, lukka univers, der verdiar og tradisjonar vert statisk vidareførte frå ein generasjon til den neste. Slike førestillingar kan medverke til at ein betraktar ein kultur som homogen, og at kulturens individ vert oppfatta som representantar for sin spesifikke kultur (Skytte, 2019, s. 22). Ifylgje sosialantropolog Hylland Eriksen (sitert i Skytte 2019, s. 22) er dette i strid med dagens kunnskap om at samfunnet i aukande grad er differensiert innad. Ein kan ikkje lengre etablere presise grenser mellom ulike kulturar, fordi modernitet og globaliseringsprosessar også er faktorar som påverkar kultur og fører til endringar. Såleis er kulturellevismen gått ut på dato. I dag ser ein denne forståinga meir som ei tvangstrøye, som held menneske fast i spesifikke kulturelle mønster, verdiar og normer utelukkande på bakgrunn av geografisk og nasjonal slektshistorikk (Eriksen 1997; i Skytte, 2019, s. 22).

Det tredje perspektivet er *kontekstuell* kulturforståing. Denne forståinga representerer ifylgje Skytte (2019) eit skifte frå eit objektvt kulturperspektiv til eit subjektivt etnisitetsperspektiv. Slik kan dei kulturelle trekka som får betydning for etnisitet skilje ulike grupper frå kvarandre ved at folk sjølv nyttar trekka som teikn på skilnader seg i mellom. Den kontekstuelle kulturforståinga ser på etnisitet som ein relasjon mellom grupper, og ikkje ein eigenskap hjå ei enkelt gruppe. Kultur blir sett på som noko dynamisk, og som eit erfaringsrom der menneske skapar, fortolkar og endrar sin identitet. Med ei kontekstuell kulturforståing kan ein bli merksam på at mykje av det som vert oppfatta som «særskilte kulturtrekk» ved eit menneske som har kome til Noreg som innvandrar eller flyktning, har



vorte utvikla og framleis vert utvikla i samspel med dei konkrete samfunna dei buset seg i (Skytte, 2019, s. 24-25). Det er den kontekstuelle kulturforståinga eg legg til grunn i arbeidet med denne oppgåva.

### 3.3 Individualistisk og kollektivistisk kultur: samfunnsskilnader i sterke og svake statar

Ein av dei mest studerte kulturforskjellane er korleis ein kultur forhold seg til individualisme og kollektivism. Ifylgje Skytte (2008) vert verdiar som uavhengigheit, autonomi og sjølvhevd vektlagde i dei *individualistiske* kulturane. Det er viktig å utvikle sin eigen individuelle identitet og autonomi i relasjon til ei gruppe eller familie. Her vert personlege haldningar og mål sterkare vektlagde enn gruppa sine verdiar og mål. I dei *kollektivistiske* kulturane vert gjensidig avhengigheit, plikt og underkasting rekna som meir verdifullt. Identitet er i mindre grad noko individuelt, og blir meir bestemt av gruppa ein tilhøyrer. Gruppa sine verdiar og mål er viktigare for den enkelte sine handlingar, medan eigne haldningar er mindre viktige. Desse verdiane vil i stor grad påverke korleis familielivet vert organisert. Kort skildra kan ein skilje mellom to typar familieorganisering: *kjernefamilie* og *storfamilie* (Skytte 2008; Eriksen og Arntzen 2006; i Eide et al., 2009, s.61). Skytte (2019) presiserer at det individuelle og kollektivistiske livssynet ikkje er ei skildring av skilnader mellom etniske nordmenn og etniske minoritetsborgarar, men at normer og verdiar i eit familieliv som regel kan plasserast ein stad i eit kontinuum mellom desse to idealtypene (Skytte, 2019, s. 93).

I likskap med Eide et al. (2009), peikar Hundeide (2003) på forskning som syner til at forpliktingane og lojaliteten knytt til fellesskapet og fellesoppgåvene er viktigare enn den enkelte si sjølvhevd og sjølvrealisering i typisk tradisjonelle (kollektivistiske) jordbrukssamfunn. På denne måten får også barneoppsedinga eit preg av å bli trena i lydigheit, å vera arbeidsam og ha respekt for dei eldre. Det blir forventat at barna syner lydigheit og respekt for autoritetar, og lojalitet ovanfor familien eller gruppa. Det blir også lagt større vekt på at barna viser konform og akseptabel åtferd, enn på at dei hevdar seg eller utmerkar seg i høve til andre barn. I tillegg er det å leike noko som barn gjer seg i mellom, og ein ser sjeldan at mødrer leikar med barna sine i dei tradisjonelle jordbrukssamfunna (Hundeide, 2003, s. 94-95). I moderne bysamfunn (individualistiske) legg

ein derimot vekt på det motsette, altså sjølvhevd, sjølvstende og sjølvrealisering - samt ei aktiv og utforskande haldning. Her er det også, i motsetnad til dei kollektivistiske samfunna, vanleg at vaksne vert oppfordra til å delta i barna sin leik (Hundeide, 2003, s. 94-95). For å oppsummere kan ein seie at det er to trekk som pregar ein tradisjonell kollektivistisk oppsedingstrategi: Ei praktisk, nytteorientert livshaldning kombinert med ein autoritær respekt-kontrakt mellom omsorgsgjevar og barn. Det er ikkje dermed sagt at slike haldningar og strategiar kun førekjem i det tradisjonelle jordbrukssamfunnet. Poenget er å syne at barn vert sosialiserte til å ha funksjonar som er sentrale og relevante knytt til det aktuelle samfunnet si verksemd og overlevingsstrategi (Hundeide, 2003, s. 95). Hundeide (2009) presiserer at det er store variasjonar mellom familiar, også i Noreg. Går ein tilbake eit par generasjonar ser ein også at dei tradisjonelle verdiane og praksisane var gjeldande, og at dei framleis kan vere det i ulike delar av Noreg (Hundeide, 2009, s. 17).

Ifylgje Skytte (2019) er det avgjerande skilnader mellom eit kollektivistisk og individualistisk livssyn når det kjem til korleis vi forstår barns fridom og ansvarskjensle. Gjennom det individualistiske livssynet set ein mange rammer for det vesle barnet, og færre rammer etter kvart som barnet vert større. Målet for barneoppsedinga er at barnet skal bli sjølvstendig og vere i stand til å ta eigne, gode val vidare i livet. Gjennom det kollektivistiske livssynet, set ein ikkje like mange rammer rundt det vesle barnet, men etter kvart som det vert større vert det sett meir markante rammer rundt barnet eller ungdomen sin måte å leve på (Skytte, 2019, s. 99).

Ifylgje Friberg og Bjørnset heng individualisme og kollektivismen nært saman med statens evne til å regulere sosialt liv. I svake statar som ikkje kan garantere fridom, tryggleik eller sosiale rettar, er det storfamilien, gruppa, religion eller det sosiale nettverket som syt for sosial sikkerheit og støtte. I gjennomregulerte og sterke statssamfunn som garanterer rettar og sosial tryggleik, spelar slektskap utover kjernefamilien gjerne ei mindre rolle i å strukturere sosialt liv, og desse statane utviklar såleis meir individualistisk kulturelle verdiar som legg vekt på sjølvstende og uavhengigheit (Friberg & Bjørnset, 2019, s. 26-28).


### 3.4 Forandringsteori – akkulturasjon

Ifylgje Berry (2022) er det sentralt å studere akkulturasjonsprosessar for å skildre og forstå korleis minoritetsfamiliar og einskildpersonar forsøker å finne seg til rette og tilpasse seg deira nye samfunn (Berry, 2022 s. 3). Berry (2005) definerer akkulturasjon som ein dobbel endringsprosess beståande av kulturelle og psykologiske endringar. Endringane oppstår som eit resultat av kontakt mellom to eller fleire kulturelle grupper og deira individuelle medlemmar. På gruppenivå involverer akkulturasjon endringar i sosiale strukturar, institusjonar og i kulturelle praksisar. På individnivå involverer akkulturasjon endringane i ein person sine åtferdsrepertoar. Vidare peikar Berry (2005) på at desse kulturelle og psykologiske endringane kan kome til syne gjennom ein langsiktig prosess; nokre gonger kan det ta år, av og til generasjonar, eller århundre. Akkulturasjon kan til dømes innebere å lære kvarandres språk, dele matpreferansar, samt adoptere ulike former for kledning og sosial interaksjon som er karakteristiske for kvar gruppe (Berry, 2005, s. 698-699).

Nært akkulturasjonsomgrepet ligg omgrepet adaption, eller tilpassing, som Sam og Berry (2010) nyttar for å referere til einskildpersonars psykologiske trivsel og korleis dei handterer det sosiokulturelle livet etter migrasjon til ein ny og ukjend kultur. Tilpassing er slik rekna for å vere ein konsekvens av akkulturasjon (Sam & Berry, 2010, s. 1). Berry (2022) skriv at alle kulturelle og psykologiske eigenskapar migrantar har med seg til den kulturelle arenaen frå sin kultur, og dei som allereie finn stad i nye samfunn dei har flytta til, spelar ei rolle i den eventuelle tilpassinga til familiar eller einskildpersonar. Vanlegvis vil det vere skilnader mellom desse to kulturelle populasjonane (eigen kultur versus nytt samfunn), gjennom verdiar, tru, og akkulturasjonsstrategiar, også mellom generasjonar innan migrantfamiliar. Ifylgje Berry (2022) kan det i tillegg vere skilnader mellom ektefellar i familiar, der dei ofte kan vere usamde om korleis dei skal leve i det nye samfunnet. Alle desse skilnadane kan vere med på å skape utfordringar og konflikhtar i familiar (Berry, 2022, s. 3).

Berry (2022) utvikla ein modell som synleggjer korleis grupper, familiar og einskildpersonar forhold seg til eigen og andre sin kultur, og at dette gjerne ikkje skjer på same måte. Modellen tek utgangspunkt i fire akkulturasjonsstrategiar; integrasjon, assimilering, separasjon og marginalisering. Figuren synleggjer dei ulike akkulturasjonsstrategiane for medlemmar av minoritetsgrupper til venstre, og for dei større samfunna til høgre.

ISSUE 1:  
MAINTENANCE OF HERITAGE CULTURE AND IDENTITY



**Figur 2:** Framework for examining acculturation strategies and expectations in ethnocultural groups and larger society (Berry, 2022, s. 5).

Når menneske frå minoritetsgrupper ikkje ynskjer å oppretthalde sin kulturelle identitet og dagleg søkjer interaksjon med og deltek med andre kulturar i det større samfunnet, er det snakk om ein *assimileringsstrategi*. Dersom menneske set ein høg verdi på å halde fast ved deira opprinnelege kultur, og ein på same tid ynskjer å unngå interaksjon med andre, er det ein *separasjonsstrategi*. Når det finnast ei interesse i å både oppretthalde sin eigen kulturelle bakgrunn og på same tid ynskjer interaksjon med andre samt deltek saman med andre grupper i det større samfunnet, snakkar vi om ein *integreringsstrategi*. Der det er lite sannsynleg, eller interesse for å oppretthalde kultur, samt lite interesse i og moglegheit for å ha relasjonar med andre, er *marginalisering* definisjonen (Berry, 2022, s. 5-6). I denne samanhengen er det *acculturation strategies and expectations in ethnocultural groups* (sirkelen til venstre) eg vel å fokusere på, då den er mest relevant for mitt prosjekt. Ved å bruke denne modellen meiner eg at ein lettare kan forstå nokre av utsegna til informantane i studien min, og korleis dei kan ha tilpassa seg den nye kulturen og det nye samfunnet i Noreg, samt eventuelle endringar i måten å utøve si foreldrerolle på.

## 4. Tidlegare forskning

I dette kapittelet presenterer eg eit overblikk over tidlegare forskning, og presenterer dei resultata som er mest relevante for mitt prosjekt. I 4.1 presenterer eg forskingslitteratur om ICDP, og i 4.2 tek eg føre meg forskning om minoritetsforeldre og barnevern. Eg presiserer at eg frå og med 9.4.2024 slutta å leite etter ny forskning, dette for å forsvare kvifor eg ikkje har teke med eventuell ny publisert forskning etter nemnde dato.

### 4.1 Forskingslitteratur om ICDP

Eg vil først vise til to kunnskapsoppsummeringar, deretter vil eg presentere dei kvantitative studiane, før eg tek føre meg kvalitativ forskning på ICDP.

Bjørnstad (2015) ved Regionsenteret for barn og unges psykiske helse sin rapport syner at det er få fagfelleverderte studiar om ICDP med tanke på at programmet vert nytta i over 40 land. Bjørnstad (2015) si oppsummering syner til 82 rapportar, skildringar, studiar og evalueringar av ICDP. Av desse 82 omhandlar 45 av studiane evaluering av programmet på omsorgsgjevar-barn nivå (Bjørnstad, 2015, s. 7). Reedtz & Lauritzen (2017) har også ei oppsummering over effektstudiar av programmet, og konkluderer med at ICDP er eit tiltak med noko dokumentasjon på effekt, og klassifiserer programmet til evidensnivå 3 (Reedtz & Lauritzen, 2017, s. 1-22). Både Bjørnstad (2015) og Reedtz og Lauritzen (2017) inkluderer forskinga til Sherr et al (2011, 2014) og Skar et al (2015) som eg vil sjå nærare på knytt til mitt prosjekt.

Effekten av ICDP er blitt forska på både i Noreg og internasjonalt. I evaluering av ICDP som universelt foreldrerettleiingsprogram, indikerer Sherr, Skar, Clucas, Tetzchner og Hundeide (2014) at omsorgsgjevarar kan ha ein fordel av å delta i foreldrerettleiingsprogram. Foreldre i den generelle befolkninga som deltok i studien rapporterte om meir positive haldningar knytt til å lede barnet, forbetra foreldrestrategiar, samt mindre påverknad av vanskar i møte med barna. Effektstudien vart gjennomført ved hjelp av spørjeskjema før og etter ICDP-kurs, samt målt opp mot ei kontrollgruppe som ikkje hadde delteke på ICDP-kurs (Sherr et al., 2014, s. 14-15).

Gjennom ein rapport til Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet, har Sherr et al. (2011) i tillegg til studien nemnt ovanfor, evaluert ICDP gjennom spørjeskjema før og etter deltaking i programmet. Ei samanlikningsgruppe som ikkje hadde delteke i studien fylte i tillegg ut spørjeskjema på dei same tidspunkta. Det vart også gjennomført video-observasjonar og intervju av nokre av ICDP-deltakarane (Sherr et al., 2011 s. 6). Resultata frå studien syner at forelderrettleiing basert på ICDP-metoden har ein positiv innverknad på foreldre i form av auka engasjement ovanfor barna, og betra oppsodingsstrategiar. I tillegg var det ein nedgang i opplevd einsemd og negative kjensler hjå foreldra frå før til etter ICDP-rettleiinga. Vidare rapporterte foreldre om færre vanskar hjå barna, betra relasjon til foreldra og eit auka fokus på det positive (Sherr et al., 2011, s. 25).

Skar, Tetzchner, Clucas & Sherr (2015) har forska på langtidseffektane av ICDP som eit universelt foreldreprogram, og har sett på om det er vedvarande endringar i foreldrestrategiane 6-12 månadar etter gjennomført ICDP-program. Skar et al (2015) syner til at studien, trass moderate svakheiter, tilfører meir kunnskap om at langtidseffektane av foreldreprogrammet er positive. Foreldra rapporterte om forbetringar i foreldreferdigheiter, mindre einsemd og forbetring av sjølvkjensle hjå ICDP-foreldra samanlikna med kontrollgruppa (Skar et al, 2015, s. 54-66).

Skar et al (2014a) har gjort ei evaluering av minoritetsversjonen med spørjeskjema før og etter deltakinga. 29 pakistanske mødre som gjennomførte minoritetsversjonen deltok i studien, samt eit utval av norske mødre som gjennomførte standardversjonen. I tillegg vart det gjennomført kvalitative intervju med 12 av dei pakistanske mødrene, og åtte av dei norske mødrene. Resultata synte at det var gruppeskilnader mellom dei pakistanske og norske mødrene ved oppstart. Dei pakistanske mødrene skåra lågare på psykososial helse, og rapporterte om ei meir distansert form for foreldrestil (mindre kommunikasjon, men meir tid saman med barna) samanlikna med dei norske. Dette kan indikere at mødrene har vore i ein endringsprosess. Når det gjaldt effekt av gruppedeltaking, rapporterte dei norske mødrene om positive endringar knytt til engasjement i barna, og bruk av positive foreldrestilar. Endringane hjå dei pakistanske kvinnene var ikkje statistisk signifikante, men dei la vekt på forsterka kommunikasjon, regulering, samt forbetra familierelasjonar og livskvalitet (Skar et al, 2014a, s. 108).

I 2015 vart det gitt eit oppdrag frå Barne-, ungdoms-, og familiedirektoratet (Bufdir) til Folkehelseinstituttet (FHI) om å effektevaluere standardversjonen av ICDP i Noreg ved bruk av RCT-design. Studien er den første og største studien av ICDP med RCT-design i Noreg, og resultata syner at ICDP har hatt ein positiv effekt på foreldra og på relasjonen mellom foreldre og barn, sjølv om effektane er små. Etter avslutta ICDP-retteiing rapporterer foreldra at dei er tryggare i foreldrerolla, og at dei praktiserer ein meir støttande foreldrestil samanlikna med kontrollgruppa. Den positive endringa gjeld på kort og lang sikt. Foreldra oppgjev i tillegg at dei kjenner ein større nærleik til barnet sitt rett etter avslutta kurs, og at dei opplever færre konflikhtar med partner knytt til barneoppseding (Brekke et al., 2021, s. 6, 74).

Gjennom Universitetet i Tromsø pågår studien «*supported parenting intervention for families with refugee background*» (PIRM), som har til hovudføremål å evaluere effekten av dei to foreldreretteiingsprogramma DUÅ og ICDP. PIRM-studien går frå 2019 -2024, så resultata føreligg ikkje enno. PIRM har førebels berre gitt ut ein protokollartikkel, og ved studiens slutt vil denne bidra til å danne eit betre utgangspunkt for å vurdere tiltakets (ICDP) evidensnivå (Patras et al., 2021, s. 1-13).

Bråten og Sønsterudbråten (2016) har utarbeida ein FAFO-rapport, «*Foreldreveiledning – virker det?*», som er ein omfattande samfunnsvitskapleg gjennomgang av foreldreretteiing i Noreg (Bråten & Sønsterudbråten, s. 7.) Denne drøftar kritisk korleis ICDP og andre tiltak blir evaluert og syner også til at det er få studiar av minoritetar i foreldreretteiing, og at dette såleis er mangelvare. Bråten og Sønsterudbråten (2016) og Rambøll (2020) synleggjer i tillegg at det manglar norske studiar av obligatoriske kurs (Bråten & Sønsterudbråten, s. 175-176, Rambøll, 2020, s.3, 7.). Ifylgje Bråten og Sønsterudbråten (2016) er det ikkje registrert fagfelleverderte kvalitative studiar (Bråten & Sønsterudbråten, 2016, s. 82).

Folkehelseinstituttet ved Høy-Petersen et al (2023) har evaluert ein ny versjon av ICDP-retteiing knytt til foreldre med ungdomar. Foreldra rapporterer at dei er vortne tryggare i foreldrerolla og rolegare i relasjonen med ungdomane, samt at dei har fått betra samspel og kommunikasjon. Funna tyder på at ICDP ungdom kan passe på tvers av kulturar, men at det føreset at foreldra har noko butid i Noreg. Det kom også fram at kultur og kulturelle skilnader i oppseding bør bli betre tematisert, og at ein føresler å auke tiltaket sin

kultursensitivitet for å kunne tilpasse kursmateriale til foreldre med kollektivistisk bakgrunn (Høy-Petersen et al., 2023, s.111-114).

Savosnick og Olsvold (2023) sin forskingsartikkel skildrar ein av få kvalitative studiar av større omfang, og tek utgangspunkt i 17 dybdeintervju 5-7 år etter deltaking i ei foreldrerettleiingsgruppe. Funna syner at rettleiinga hadde stor innverknad på mødrene si barneoppseding, og at endringane såg ut til å vare sjølv etter så lang tid. Mødrene skildra ein betre kvardag med ei meir positiv atmosfære i heimen. Foreldra opplevde i tillegg auka meistring knytt til foreldrerolla, og ei større forståing for korleis det er å vere foreldre i Noreg (Savosnick & Olsvold, 2023, s. 197, 212).

I og med at det er registrert lite forskning på rettleiing som er obligatorisk, vil eg trekkje fram Steen-Johnsen og Skreland (2023) sin forskingsartikkel «*Epistemic injustice in a parenting support programme for refugees in Norway*». Artikkelen drøftar kritisk den epistemiske urett, eller urettferd, ved å utøve eit slikt obligatorisk program til alle nye flyktningar i Noreg. Artikkelen peikar på at sjølv om programmet sin hensikt er god, utgjer det ei form for epistemisk urettferd fordi det handhevar ein statsstøtta epistemologi som tilbyr den «rette» måten å vere forelder på. Artikkelen stiller også spørsmål ved at deltakarane vert trekte i løn ved fråvær i programdeltaking (Steen-Johnsen & Skreland, 2023, s. 1-3).

Oppsummert ser ein at det er gjennomført flest store kvantitative studiar og at det er mangel på kvalitative studiar som søker å finne minoritetar sine erfaringar i rettleiing, særskilt med tanke på det obligatoriske aspektet ved å delta i ICDP. Eg vil difor argumentere for at denne studien kan bidra til å fylle eit kunnskapshol på feltet.

#### 4.2 Minoritetsforeldre og barnevern

Fylgjande forskingstema er valde ut fordi analysen av intervjua aktualiserte dei, og difor kjem eg tilbake til dei i diskusjonen.

Tembo et al., (2021) sine analyser av migrantforeldre sine opplevingar av kontrollerande makt i det norske velferdssystemet syner at immigrantfamiliane opplever at interaksjonar med velferdstenester fører til ei kjensle av avmakt. Dei opplever også interaksjonen og



tiltaka som kontrollerande og foreldreovervakande. Studien argumenterer for at desse foreldra sine oppfatningar av barnevernet ikkje berre er basert på egne erfaringar med barnevernet, men at dei i tillegg tek utgangspunkt i samhandling med ulike velferdstenester og møte med storsamfunnet generelt (Tembo et al., 2021 s. 492). Dette er også i tråd med Fylkesnes et al. (2015) si undersøking av etniske minoritetsforeldre sine oppfatningar i møte med barnevernet. Undersøkinga er ikkje avgrensa til å kunn omhandle dei som har egne negative erfaringar med barnevern, men i tillegg ei rekkje *oppfatningar* og representasjonar av barnevernet som informantane skildra som vanlege mellom minoritetspersonar generelt (Fylkesnes et al., 2015, s. 80). Studien kastar lys over frykta som eksisterer blant minoritetspersonar som har vore i kontakt med eller har oppfatningar om barnevernet, og trekkjer fram særskilt tre gjennomgåande tema: *barnevernet berre tek barn, barnevernet går ikkje i dialog med foreldre, barnevernet diskriminerer*. Fylkesnes (2015) syner til at frykt i denne samanhengen kan forståast i lys av krenkingar, frykt for å bli fråtekne barna, bli usynleggjorde, samt diskriminerte. Gjennom studien kjem det i tillegg fram at frykt heng saman med at foreldre vert usikre og opplever sinne, avmakt og ambivalens i møte med barnevernet (Fylkesnes et al., 2015, s. 80-94). Handulle og Vassenden (2023) stadfestar frykta som er skildra i dei to andre studiane, og i tråd med Fylkesnes et al (2015) legg den vekt på historiene som produserer og held ved like frykta (Handulle & Vassenden, 2023, s. 13-14). I og med at desse artiklane tek utgangspunkt i minoritetspersonar sine førestillingar, opplevingar og erfaringar med norsk velferdssystem og barnevern, blir dei relevante for å kunne diskutere funna i studien.

## 5. Vitskapsteoretisk forankring

Gjennom 5.1 og 5.2 vil eg kort skildre fenomenologi og hermeneutikk som eg er inspirert av. I punkt 5.3 utdjupar eg forforståing, horisontsamansmelting og spenninga mellom fenomenologi og hermeneutikk. I 5.4 vil eg kort argumentere for kvifor fenomenologi og hermeneutikk er relevante for min studie.

## 5.1 Fenomenologi

Ifylgje Thornquist (2018) blir fenomenologi ofte framstilt som læra om det som kjem til syne og viser seg. I fenomenologien vert merksemda retta mot verda slik den erfarast for subjektet, og ikkje på verda uavhengig av subjektet (Thornquist, 2018, s. 101). Fenomenologi står i motsetning til ei einseitig dyrking og vektlegging av vitskapleg og intellektuell refleksjon på kostnad av livserfaring, common sense og praktisk erfaring. Fenomenologien omtalar den verda vi til dagleg lever i, har fortrulegheit til og erfaring med, som «livsverden» (Thornquist, 2018, s. 104-105). Husserl introduserte omgrepet «epochè», som handlar om at forskaren gjennom å vere medviten si eiga for-forståing kan setje denne i ein «parantes» og slik kunne innta ei open og naiv haldning ovanfor det objektet ein skal utforske (Thornquist, 2018, s. 105). For å kunne studere eller forstå informantane sin «livsverden» har eg forsøkt å leggje til side eiga for-forståing i arbeidet med studien. I det kvalitative intervjuet vart det difor viktig å utforme spørsmåla på ein open og naiv måte for å få tak i informantane sine erfaringar og oppfatningar kring dei ulike tema. Dersom spørsmåla er for leiande, kan det tenkast at det kan påverke svara ein får.

## 5.2 Hermeneutikk

Hermeneutikk handlar ifylgje Thornquist (2018) om spørsmål knytt til forståing og fortolking. Omgrepet si opprinnelege tyding var fortolkingslære eller fortolkingskunst. Hermeneutikken kan hjelpe oss med å forstå korleis vi forstår. I tillegg kan hermeneutikken hjelpe oss å gje verda meining. Hermeneutiske objekt er først og fremst tekstar, og medvit om korleis ein kan fortolke desse er difor viktig (Thornquist, 2018, s. 167). I den tradisjonelle hermeneutikken var målet å komme fram til korrekt fortolking av tekstar via gjen-erfaring og gjen-skaping av forfattarens medvit, liv og historiske epoke (Thornquist, 2018, s. 169).

Det mest kjende uttrykket frå hermeneutikken; *den hermeneutiske sirkel* syner til eit viktig fortolkingsprinsipp som ifylgje Thornquist (2018) tyder at vi forstår delane ut frå heilskapen, og heilskapen ut frå delane. Sirkelen er ei skildring av ein dynamisk prosess av erkjenning, som pendlar mellom del og heilskap, og som søker å forstå begge deler best mogleg. Når vi forsøker å forstå ein del av røynda, påverkar det vår oppfatning av heilskapen. Den nye

heilskapsforståinga set delen, eller delane i nytt lys, og kan gje ei ny forståing av enkelt delane, som igjen påverkar heilskapsforståinga (Thornquist, 2018, s. 171). Den hermeneutiske sirkelen vart eit særst viktig verktøy i analyse- og fortolkingsprosessen av mine forskingsdata. I denne prosessen var eg bevisst på at eg skifta mellom å sjå deler og heilskap, og slik finne ny meining i allereie fortolka data.

### 5.3 Forforståing, horisontsamansmelting og spenninga mellom fenomenologi og hermeneutikk

Jenssen (2021) peikar på at vi ifylgje hermeneutikken alltid forstår noko ut frå ei forforståing som kjem frå bakgrunnen vår, språket vårt, frå tradisjonen og oppveksten vår. Vi er slik grundig forankra i den kulturelle konteksten (Jenssen, 2021, s. 108). Som tolkande dyr står vi difor ikkje på nøytral eller objektiv grunn ovanfor omgjevningane våre. Vi bryner og utviklar som regel dei etablerte perspektiva våre opp mot andre forståingsmåtar eller røynda vi møter. Gadamer (1989 (1960)) er kjend for denne synsmåten, og tenkjer at denne bryninga mot andre perspektiv skjer ved at vi søker å sjå saka det dreiar seg om, *her foreldreskap*, slik andre ser den, og at vi må tenke at vi diskuterer saka og kan nærme oss ei sams forståing med den andre. Slik vil ein kunne nærme seg kvarandre i retning av ei «horisontsamansmelting»; altså at ein på tross av si forforståing evnar å forstå den andre sin forståingshorisont (Jenssen, 2021, s. 80).

Fenomenologien derimot, ser ifylgje Jenssen (2021) ut til å sjå bort frå korleis kultur og tradisjon formar vår bevisstheit. Fenomenologien skildrar og utforskar den mest opphavslege, nesten ordause erfaringa til individa. Desse skildringane relaterer den ikkje til kulturell kontekst, men til allmenne teoriar om samfunn eller psykologi, eller allmenne livsfilosofiske tema (Jenssen, 2021, s. 108). Ifylgje Jenssen (2021) er det såleis ein skilnad på hermeneutikk og fenomenologi ved at hermeneutikk og forståande samfunnsvitskap peikar frå individet si erfaring og *ned* i den kulturelle konteksten individet er forankra i. Fenomenologien peikar frå individet si erfaring og *opp* mot allmenne tema som verkar å vere uavhengige av tid og stad. Begge retningane tek utgangspunkt i at individet søker å finne ei slags meining, samt opplyse oss om korleis individet opplever verda. Slik stiller Jenssen (2021) spørsmål ved om det er ei spenning mellom hermeneutisk og fenomenologisk

tilnærming, og om fenomenologien kan ha gløymt hermeneutikkens sentrale innsikt om at meningsproduksjonen er forankra i kulturell og historisk kontekst (Jenssen, 2021, s. 109).

#### 5.4 Fenomenologisk-hermeneutisk vitskapsteoretisk perspektiv og relevans for studien

Eg har ovanfor kort skildra fenomenologi og hermeneutikk som vitskapsteoretiske perspektiv. Eg har også kort vore innom forforståing og horisontsamansmelting, og synt til at det kan vere ei slags spenning mellom fenomenologi og hermeneutikk. Eg vil vidare kort argumentere for kvifor eg har valt å nytte ein kombinasjon av desse i studien min.

I intervjuguiden tok eg utgangspunkt i spørsmål som får fram minoritetsforeldre sine erfaringar med foreldrerettleiingsprogrammet ICDP. For å kunne finne ut kva erfaringar foreldra hadde gjort seg, var eg avhengig av at mine informantar delte sine subjektive erfaringar med meg. Sjølv om eg har erfaring på feltet, var eg bevisst på å setje mi eiga forforståing til side og innta ei open og naiv haldning til det eg skulle undersøke, jamfør tidlegare omtala horisontsamansmelting (Jenssen, 2021, s. 80). I tolking og analyse av funna, var eg bevisst den hermeneutiske sirkel for å sikre at eigne haldningar, kulturell bakgrunn og oppfatning av røynda vart sett i parantes. Utgangspunktet mitt var å få meir kunnskap om informantane sine opplevingar knytt til korleis dei erfarer si livsverd ved hjelp av desse vitskapsteoretiske retningane. Slik vart perspektivet i studien fenomenologisk-hermeneutisk.

## 6. Metode

I dette kapitlet presenterer eg det metodiske utgangspunktet for studien. Punkt 6.1 omhandlar val av metode og forskingsdesign. Gjennom 6.2 gjer eg greie for utvalet i studien, og i 6.3 korleis eg rekrutterte informantane. I 6.4 tek eg føre meg intervju som datainnsamlingsmetode. Vidare vil eg i 6.5 presentere tema som kom fram utover i intervjuguiden, og i 6.6 tematiserer eg betydninga av tolkebruk. Transkriberings- og analyseprosessen vert omtala i 6.7, medan eg i 6.8 presenterer studiens validitet, reliabilitet og generaliserbarheit. Avslutningsvis drøftar eg forskingsetikk og mi eiga rolle som forskar.

## 6.1 Kvalitativt forskingsdesign

Kvalitativ metode kan bidra til å presentere mangfald, nyansar og subjektive erfaringar. Ein kan nytte kvalitativ metode når ein ynskjer å finne ut meir om menneskelege eigenskapar som erfaringar, opplevingar, tankar, forventningar, motiv og haldningar. Ein spør etter meining, betydning og nyansar av hendingar og åtferd, som kan styrke forståinga av kvifor menneske gjer som dei gjer. Kvalitativ tilnærming er føremålstenleg når ein til dømes vil utforske samhandling og utvikling (Malterud, 2017, s.30-31). Føremålet med oppgåva har vore å utforske deltakarane sine erfaringar med ICDP, og det vart difor relevant å velje kvalitativt forskingsdesign i min studie.

## 6.2 Utval

I kvalitative studiar må forskaren i ifylgje Malterud (2017) etablere eit særleg skarpt blikk på utvalet sin eigenart og betydninga dette har for overføringsevne av kunnskapen som vert utvikla. Utvalet skal setjast saman på ein måte som gjer at det inneheld eit tilstrekkeleg rikt og variert materiale om det ein ynskjer å seie noko om når studien er gjennomført. For å oppnå dette har eg nytta eit strategisk utval, som er samansett ut frå ei målsetjing om at materialet best mogleg kan kaste lys over problemstillinga (Malterud, 2017, s. 57-58). Med dette som bakgrunn vart det teke utgangspunkt i dei informantane som var relevante for å kunne svare innhaldsrikt på problemstillinga mi. Det er alltid viktig å spørje seg sjølv om kva som er med på å bestemme det ein ser – kva som er eins utsiktspunkt for observasjonar og tolkningar, og kva for briller ein har på når ein analyserer sine data. Like viktig blir det å ha fokus på kva den kulturelle og teoretiske tradisjonen ein står i har å seie for dei spørsmåla ein har stilt, og om ein har nokre sterke meiningar innan feltet. Denne typen spørsmål vert omtala som bias. Ifylgje Malterud (2017) kan det vere eit mål å forsøke å unngå bias for å redusere uynskte skeivheiter i kunnskapsutviklinga. Eg har ikkje sjølv rettleia nokon av deltakarane eg rekrutterte, jf. Malterud (2017, s.20-21). Utvalet som er representert i studien har alle barn i ulike aldrar, er frå ulike nasjonar, og har alle gjennomgått ICDP-kurset individuelt eller som par. Utvalet er i tillegg variert med tanke på at det var to par og to individuelle som vart intervjuet.

### 6.3 Rekruttering

For å komme i kontakt med ynskja utval, kontakta eg barne- og familiekoordinator på kommunen si flyktingteneste for bistand til rekruttering. Barne- og familiekoordinator kalla potensielle deltakarar inn til informasjonsmøte i flyktingtenesta sine lokale på førespurnad frå meg. Eg bestilte tolk tilpassa informantane sitt språk til alle møta. Eg hadde fire møte, der to av informantane var foreldrepar, og to single. Eg gjekk gjennom informasjonsskrivet i sin heilskap, slik at informantane fekk forståing for at dette er eit frivillig prosjekt som dei kan trekkje seg frå når som helst dersom dei ynskjer. Alle eg inviterte til studien bekrefta at dei ynskta å stille til intervju og skreiv under på samtykkeskjema. Vidare avtala vi dato for når og kvar intervju skulle finne stad, at lyd av samtalen ville bli teken opp, og at det ville vere skjermtolk tilgjengeleg. Gjennom å delta i studien fekk deltakarane tilbod om eit gåvekort dei kunne nytte på lokalt kjøpesenter ved avslutta intervju. Dette hadde ingen betydning for å kunne trekkje seg frå studien dersom dei i etterkant av intervjuet skulle ombestemme seg. Rekrutteringa gjekk over all forventning, og eg hadde sett føre meg ein mykje lengre prosess enn det som vart realiteten.

### 6.4 Intervju som datainnsamlingsmetode

Ifylgje Kvale og Brinkmann (2021) er føremålet med det kvalitative forskingsintervjuet å forstå sider ved intervjupersonen sitt daglegliv, frå hans eller hennar perspektiv. Sidan eg gjennom dette prosjektet søkte minoritetsforeldre sine erfaringar med ICDP, meiner eg intervju var ein god metode å nytte for å få fram informantane sine erfaringar og perspektiv. Strukturen i eit forskingsintervju er likt den daglegdagse samtalen, men som eit profesjonelt intervju involverer det også ein bestemd metode og spørjetechnik (Kvale & Brinkmann, 2021, s. 42). Eg tok utgangspunkt i eit semi-strukturert intervju, som betyr at ein søker å innhente skildringar av den intervjuas si livsverd, og tek sikte på å fortolke tydinga av dei skildra fenomena. Eit semi-strukturert intervju har gjennom intervjuguiden ei rekkje tema som skal dekkast, i tillegg til nokre forslag til spørsmål. Samtidig er eit slikt intervju prega av at det er ope når det gjeld endringar i rekkjefølge og formulering av spørsmål, slik at ein kan forfølgje dei spesifikke svara og historiane som kjem fram undervegs (Kvale & Brinkmann, 2021, s. 156-157). Dette meiner eg vart ein styrke, og gav meg som forskar moglegheit til å

stille oppfølgingsspørsmål undervegs. Ein slik prosess vil avhenge av intervjuaren si evne til å lytte til kva informantane seier, og føreset maksimal openheit ovanfor dei fenomena som kjem fram (Kvale & Brinkmann, 2021, s. 170).

Intervjua vart utførte våren 2023 over ein periode på to månadar. Intervjua vart gjennomførde i tiltaket sine arbeidslokale, der deltakarane tidlegare gjennomførte ICDP-kurset. Eg valde å utføre intervjua der fordi deltakarane er kjende med lokasjonen, samt tilgangen på gode møtelokale med skjerm slik at forholda skulle ligge til rette for å kommunisere med tolk. I etterkant av kvart intervju eg utførte, noterte eg raskt ned eigne tankar og opplevingar knytt til innhald og intervjusituasjon. Vidare transkriberte eg intervjua nokre få dagar i etterkant.

Sjølv intervjuprosessen gjekk over all forventning, og eg opplevde at eg fekk gjennomført det eg hadde planlagt. Det som derimot var varierende, var kor rikholdig dei ulike informantane uttalte seg. Den første informanten var svært open og ærleg, og uttrykte seg særskild rikholdig og måtte nesten stoppast i sine uttalingar knytt til tida vi hadde sett av. Informant to var i motsetnad meir ordknapp, snakka meir generelt om kurset og delte ikkje like mykje som informant 1. Under intervjuet med informantpar tre var det også nokre utfordringar knytt til tolken. Her måtte både eg og informantparet gjenta oss sjølv fleire gonger, fordi tolken ikkje oppfatta alt riktig. Vi fann til slutt ein slags balanse, der vi forenkla språket og spørsmåla i nokon grad. Under intervjuet med informantpar fire hadde vi ein god flyt i samtalen, men det var ei utfordring med dårleg lyd hjå tolken. Her uttrykte informantparet at dei var særskild nøgde med tolken, men det var meir utfordrande for meg å forstå tolken si norske omsetjing. Kort oppsummert opplevde eg raskt at eg sat på eit rikt materiale, sjølv om informant to var meir ordknapp enn dei andre informantane.

## 6.5 Tema som kom fram gjennom tre av fire intervju utanfor intervjuguiden

Informantane i intervju ein, tre og fire tematiserte uoppfordra barnevernet si rolle. Alle var veldig opptekne av temaet, og oppfordra til at *alle* burde få meir informasjon om barnevernet for å nansere skremmande historier dei er blitt fortalde av andre og/eller eigen frykt for barnevernet. Dette er eit område eg i utgangspunktet ikkje hadde tenkt å

tematisere, eller hadde spørsmål om i intervjuguiden. Likevel vart det så rikt materiale knytt til temaet, at eg såg behov for å inkludere det i resultatpresentasjon og kapittel om tidlegare forskning.

## 6.6 Bruk av tolk

Som Kvale og Brinkmann (2021) peikar på, er det er inga lett oppgåve å utføre tverrkulturelle intervju, og det kan vere vanskeleg å få kjensla av dei mange kulturelle faktorane som kan påverke relasjonen mellom intervjuar og informant. Dette kan vere vanar, praksisar, posisjonar, narrative ressursar med meir. Samtidig er språklege og sosiale utfordringar i samband med omsetjing viktig. Det vil vere viktig å nytte tolk som er både kulturelt akseptabel og språkleg dyktig. Tolken si rolle skal vere nøytral, og ikkje overta jobben til intervjuaren (Kvale & Brinkmann, 2021, s. 173). Difor har eg gjennom rekrutteringssamtalar og intervju kunn nytta sertifiserte tolkar knytt til tolkeselskapet Tolkenett. Som ein ser i førre avsnitt om sjølve intervjuprosessen, har ein ikkje alltid ein garanti for at samtalen flyt godt likevel, då kvaliteten på tolkane kan opplevast svært ulik. Gjennom alle intervju vart det brukt skjermtolk, noko eg opplever som meir føremålstenleg og effektivt enn telefon, då ein også får sett kvarandre sitt kroppsspråk, samt ha augekontakt – noko som også betyr mykje for den gode samtalen.

## 6.7 Transkribering og analyse

Ifylgje Malterud (2002) er det i databearbeidingsfasen forskaren sin jobb å stoppe opp, tenkje seg om og halde alternative tolkingar og versjonar opp mot kvarandre. Det er først når forskaren sjølv kan identifisere systematikken som har blitt fylgt i prosessen, at det blir mogleg å dele den med andre. Etter feltarbeidet, intervju i mitt tilfelle, skal rådata bearbeidast og organiserast til ei form der dei vert tilgjengelege for analyse. Det er i denne prosessen ein omformar røynda til tekst ved transkripsjon av intervjumateriale. Når munnlege samtalar skal omsetjast til tekst, er det ofte slik at det skjer ei omdreining, sjølv der ein detaljert gjer att teksten, ord for ord. Grunnen til dette er at det er få menneske som snakkar slik at direkte nedskrivning av ord blir ei gyldig attgjeving av det som vert sagt og



høyr. Føremålet med transkripsjonen er å kunne fange opp samtalen i ei form som best kan representere det som informanten hadde som mål å dele. Ein skal best mogleg ivareta det opprinnelege materialet, og då særskilt informantane sine erfaringar og meiningar som vart formidla og oppfatta under intervjuet (Malterud, 2002, s. 122). Etter å ha transkribert fire intervju, erfarte eg at dette er eit tidkrevjande arbeid og føreset at ein må vere særskilt fokusert på å høyre godt etter fleire gonger, fange opp og gje att mest mogleg korrekt tekst frå munnleg til skriftleg form. Når eg først var inne i det gjekk det meir og meir av seg sjølv, og eg fekk fort kjensla av at dette blei noko eg meistra. Samstundes erfarte eg også at det skulle bli meir utfordrande å transkribere intervjuet der det var to informantar tilstades samtidig. Utfordringar her var lyd kvaliteten som vart fanga opp på diktafonen, samt kvalitet på tolk. Tidvis var lyden dårleg, eller så kunne det vere at ein ikkje heilt forstod kva tolken forsøkte å formidle, sjølv etter å ha bede tolken repetere meiningsinnhaldet fleire gonger. Etter transkribering sat eg att med ei kjensle av at eg hadde eit rikt materiale som skulle analyserast.

Sjølv analysen skal byggje bru mellom rådata og resultat ved at det organiserte datamaterialet vert fortolka og samanfatta. Ein tek utgangspunkt i problemstillinga og stiller spørsmål til materialet. Svare er dei mønster og kjenneteikn som ein gjennom systematisk kritisk refleksjon kan identifisere og fortelje att. Her skal ein avklare tydinga av for-forståinga og den teoretiske referanseramma i forhold til funna, og deretter drøfte resultat opp mot eksisterande teoriar (Malterud, 2002, s. 122).

Sidan problemstillinga kjem frå ei fenomenologisk-hermeneutisk tilnærming, har eg valt å gjere ein fenomenologisk analyse med utgangspunkt i Malteruds (2017) systematiske tekstkondensering (STC). Analysemetoden er ein pragmatisk metode for tematisk tverrgående analyse av kvalitative data. Metoden er utvikla for å gje ei innføring i korleis analyseprosessen gjennom fire trinn kan gjennomførast på ein systematisk og overkommeleg måte (Malterud, 2017, s. 97). Som fersk forskar tenker eg at denne metoden gjorde det enklare for meg å analysere mine data. Som Malterud (2017) tilrår, fekk eg med meg ein person til i arbeidet med analysen, særskilt i trinn to og tre. Eg meiner dette vart ein styrke, for å skape eit analytisk rom med fleire nyansar, jamfør Malterud (2017, s. 100). Vidare vil eg nemne at eg har vore inspirert av Malterud sin STC, men at eg undervegs

opplevde at nokre av trinna glei litt over i kvarandre. Eg skreiv prosjektlogg undervegs, og denne viste seg å bli viktig når ein stadig måtte gå fram og tilbake i prosessen (Malterud, 2017, s. 101).

### **Trinn 1: Heilskapsintrykk – frå villniss til førebelse tema**

Ifylgje Malterud (2017) er det i første trinn eit føremål å bli kjend med materialet. Her skal ein lese gjennom alle sidene med tekst for å danne seg eit heilskapsbilete. På dette trinnet skal ein jobbe aktivt for å setje eiga for-forståing og teoretisk referanseramme til side. Problemstillinga derimot, skal ikkje gløymast. Førebels er det fugleperspektivet som gjeld, og når ein har oppsummert inntrykka kan ein spørje seg sjølv kva slags førebelse tema ein ser i teksten, til dømes 4-8 ulike tema som ein intuitivt legg merke til. Dei førebelse temaa er ikkje resultat eller kategoriar. Temaa er enno ikkje utvikla gjennom systematisk refleksjon og tolking, men syner eit første intuitivt og databasert steg i organiseringa av materialet som moglege svar på problemstillinga (Malterud, 2017, s. 99-100). Ved første gjennomlesing såg eg at det festa seg ein del tema som kunne gje svar på problemstillinga, og måtte jobbe aktivt for å ikkje byrje å kategorisere dei ulike tema eg såg i teksten enno. Nokre av desse førebelse tema i trinn ein var:

- Støtte – godt å få snakka med rettleiar i krevjande tid
- Auka bevisstheit knytt til eigen foreldrepraksis
- Nye rutinar knytt til grensesetjing
- Betra kommunikasjon: nærare relasjon med barna
- Kulturulikskapar (oppvekst, oppseding, kultur, lovverk, vald)
- Betra forståing for kva barn er i behov for/ser barna i eit anna lys/lyttar til dei
- Betre tid og betra tolmod i møte med barna
- Restkategori utanfor intervjuguide som vart viktig i prosjektet: barnevern

### **Trinn 2: Meiningsberande einingar – frå førebelse tema til kodar og sortering**

I trinn to føresler Malterud (2017) å organisere den delen av materialet som ein skal studere

nærare, og leggje resten til side. Etter gjennomlesinga med fugleperspektiv i førre trinn skriv ein no ned dei førebelse tema, og blir samd om kva som er samanfallande og kva som spriker. Ein kan prøve å samle seg om 3-5 reviderte førebelse tema som no dannar grunnlag for kodegrupper i dette analysetrinnet. Ein startar med gjennomlesing av materialet linje for linje, for å identifisere meiningsberande einingar. Her kan ein velje ut tekst som ber med seg kunnskap om eitt eller fleire tema frå første trinn, og einingane kan vere korte eller lange. Når ein identifiserer eller merkar seg meiningsberande einingar i teksten, byrjar ein å systematisere dei, altså det ein omtalar som koding. Kodearbeidet tek sikte på å identifisere og sortere alle meiningsberande einingar i teksten. Det er difor viktig å starte med eit overkommeleg tal kodegrupper, og heller utvide nyansane av dei undervegs. Med kodegruppene skal ein no finne tekstbitar som etter sitt innhald merkast med ein kode, altså ein merkelapp som samlar tekstbitar som har noko til felles. Det er ikkje noko i vegen for at ein kan kode ein og same meiningsberande eining til fleire kodegrupper. Blir det for mykje dobbelt og trippeltkoding, kan ein sjå at kodane kanskje ikkje har vore presise nok (Malterud, 2017, s. 100-104). Gjennom dette trinnet utkrystalliserte det seg fire kodegrupper som ville gjere det enklare for meg å sortere dei meiningsberande einingane i teksten. Kodane vart gjennom denne prosessen utvikla og justerte ved fleire høve.

I trinn to utkrystalliserte dei fire kodegruppene seg slik:

*Informantane sine møte med norsk kultur*

*Om oppleving av møta med rettleiar og sjølve ICDP-kurset*

*Bevisstgjerung av skilnader i samfunnssystem og kultur*

*Rapporterte endringar i foreldrepraksis*

### **Trinn 3: Kondensering – frå kode til abstrahert meiningsinnhald**

I trinn tre tilrår Malterud (2017) å abstrahere den sorterte informasjonen ein etablerte i andre analysetrinn. Dette gjer ein ved å identifisere og kode dei meiningsberande einingane, altså systematisk hente ut mening ved å kondensere innhaldet i dei meiningsberande einingane som er koda saman. Her legg ein førebels til side den delen av materialet der ein

ikkje har funne meiningsberande einingar. Resten av materialet føreligg no sortert i tre til fem kodegrupper med meiningsberande einingar. På dette stadiet reduserer ein empiriske data til eit dekontestualisert utval av sorterte meiningsberande einingar. Før ein går vidare i kondenseringsprosessen, sorterer ein materialet i to til tre subgrupper. Ein må då ta stilling til kva for hovudaspekt i kodegruppa som data best kan fortelje om. Heretter er det subgruppa som blir analyseininga. STC omfattar eit spesielt metodisk grep, der ein konstruerer eit kunstig sitat, altså eit kondensat. Kondensatet er eit artefakt forankra i data som skal bere med seg det konkrete innhaldet frå dei meiningsberande einingane ved å omsetje dei til ei meir generell form (Malterud, 2017, s. 105-108). Gjennom dette trinnet skreiv eg ut nye tekstdokument etter å ha danna dei fire kodegruppene, der eg sorterte resten av innhaldet i transkripsjonane i fleire subgrupper under kvar kodegruppe. Her er eg inspirert av Malterud, men har kanskje teke ei litt anna retning når det gjeld kondensata og framstilling av dei.

I trinn tre fekk kodegruppene subgrupper, eller egne underoverskrifter med tema:

#### **1) Informantane sine møte med norsk kultur**

- *Norsk kultur, språk og nettverk*

Denne kodegruppa med subgruppe eliminerte eg gjennom arbeidet med resultatpresentasjonen, då den ikkje svara på problemstillinga.

#### **2) Om oppleving av møta med rettleiar og sjølve ICDP-kurset**

- *Oppleving av kommunikasjon og ivaretaking i møta med rettleiar*
- *Tankar om kurset i førekant og kursinnhald*
- *Bevisstgjerjing av eigen foreldrepraksis*

#### **3) Bevisstgjerjing av skilnader i samfunnssystem og kultur**

- *Samfunnssystem*
- *Oppseding*
- *Storfamilien og kjønnsroller*
- *Barnevern*

#### **4) Rapporterte endringar i foreldrepraksis**

- *Kommunikasjon- og relasjon*
- *Nye rutinar*
- *Personleg endring knytt til eiga erfaring med oppdragarvald*

Siste subgruppe vart seinare eliminert då den ikkje svara på problemstillinga.

#### **Trinn 4: Syntese – frå kondensering til skildringar, omgrep og resultat**

I fjerde trinn skal ein ifylgje Malterud (2017) setje bitane saman att – rekontekstualisere. Ein skal samanfatte det ein har funne i form av fortolka syntesar som grunnlag for nye skildringar og omgrep som kan delast med andre. Samanfattainga skal formidlast på ein måte som er lojal i høve deltakarane sine stemmer, og gjev lesaren innsikt og tillit, samstundes som forskaren skal ta ansvar for si rolle som fortolkar. Ein har i dei føregåande trinna forhalde seg til lausrivne tekstbitar, der ein no skal vurdere i kva grad resultatata framleis gjev ei gyldig skildring av den samanhengen den var henta utifrå. Først skal ein syntetisere kunnskapen frå kvar enkelt kodegruppe og subgruppe.

Gjennom dette trinnet nytta eg altså kondensata til å lage ein analytisk tekst for kvar subgruppe og kodegruppe, illustrert med treffande «gullsitat» som konkretiserte hovudfunna. På denne måten har eg forsøkt å formidle til lesaren kva materialet mitt fortel om ei utvald side av prosjektet si problemstilling. Vidare har eg vurdert resultatata opp mot føreliggjande teori og tidlegare forskning, jamfør Malterud (2017, s. 108-110).

#### **6.8 Studiens validitet, reliabilitet og generaliserbarheit**

Ifylgje Kvale og Brinkmann (2015) handlar validitet om sanning, riktigheit og styrke, og i kva grad ein metode er eigna til å undersøkje det den skal undersøkje (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 276). Validitet handlar slik også om å kontrollere ved å undersøkje feilkjeldene, og stille seg spørsmåla «kva», «kvifor» og «korleis» for å finne ut om ein faktisk undersøker det ein skal undersøke. Validitet er også å teoretisere; at validiteten genererer teoretiske spørsmål om dei undersøkte fenomena. Ifylgje Halkier (2010) handlar validitet i kvalitative undersøkingar først og fremst om at ein utfører eit systematisk arbeid og gjer det forståeleg for andre, og at ein argumenterer analytisk og overbevisande nok til at andre aksepterer resultatata (Halkier, 2010, s. 129). Ein vanleg kritikk av forskingsintervju er derimot at funna ikkje er valide fordi intervjupersonen sin informasjon kan vere usann, og at det er intervjupersonen si oppfatning av seg sjølv som vert formidla (Kvale & Brinkmann, s. 281). Mi oppleving er at deltakarane delte sine ekte erfaringar med meg, og ikkje gav uttrykk for å «pynte» på sanninga. Ein har ingen garanti for at det er slik, men mi oppleving er at

informantane framsto ærlege, og ikkje berre delte positive erfaringar, men også negative synspunkt, og vanskelege tema gjennom intervju.

Reliabilitet viser til forskingsresultata sin konsistens og truverd. Reliabilitet handlar om korleis ein som intervjuar stiller spørsmåla, og at leiande spørsmål kan påverke svara ein får – og dermed kan svekke studiens reliabilitet. Det er ynskjeleg med ein høg grad av reliabilitet av intervjufunna, men er det derimot eit for sterkt fokus på reliabilitet, kan det motverke kreativ tenking og variasjon. Desse har betre føresetnader når intervjuaren får lov å fylgje eigen intervjustil, improvisere og fylgje opp fornemningar undervegs (Kvale & Brinkmann, s. 276). Gjennom intervju hadde eg difor stort fokus på å stille opne spørsmål, der eg i størst mogleg grad var ute etter å la informantane fortelje frå si livsverd. Spørsmåla vart tilpassa dei ulike informantane, med ulike oppfølgingsspørsmål der det var relevant. Det kan tenkast at det er ein svakheit at eg ikkje dykka enno djupare inn i det obligatoriske aspektet ved gjennomføring av ICDP-programmet ved å stille informantane fleire oppfølgingsspørsmål knytt til dette temaet.

Reime (2017) peikar på at ein gjennom intervju inntek ei aktiv rolle som forskar, og at innsamla data blir produsert som resultat av interaksjon mellom forskaren og informanten. Difor vil ikkje resultatet vere heilt upåverka av meg som forskar. Det vart såleis viktig å vere medviten om korleis mi forforståing kunne påverke forskings- og analyseprosessen, jamfør Reime (2017, s. 27). Eg meiner det var ein styrke at eg har kjennskap til ICDP-programmet, og at tidlegare arbeidserfaring med flyktningar gav meg meir forståing både i forskings- og analyseprosessen, og at det kanskje var ein fordel knytt til å opparbeide tillit og relasjon under intervju. Eg tenkjer i tillegg at det var ein styrke å transkribere materialet sjølv, og at eg på denne måten vart godt kjend med materialet mitt og stadig fann ny meining i informantutsegnene.

Kvale og Brinkmann (2015) knyter generaliserbarheit til om intervjuundersøkinga er påliteleg og gyldig nok til å kunne overførast til andre intervjupersonar, kontekstar og situasjonar (Kvale & Brinkmann, s. 289). Ei analytisk generalisering involverer ifylgje Kvale & Brinkmann (2015) ei grunngjeven vurdering av i kva grad funna frå ein studie kan nyttast som ei rettleiing for kva som kan komme til å skje i ein annan situasjon. Her vert det skilt mellom forskar- og lesarbasert analytisk generalisering utifrå intervjuundersøkingar (Kvale &

Brinkmann, 2015, s. 291). Ifylgje Malterud (2021) vert det viktig å ta stilling til kva metoden og materialet gir høve til å seie noko om, og kva rekkjevidde og generaliserbarheit funna har. Feltet og konteksten kunnskapen er innhenta i, vil vere avgjerande for kunnskapens rekkjevidde i tid og rom (Malterud, 2021, s. 23).

Ein svakheit ved studien er at det er relativt få informantar. Utvalet kunne med fordel vore større for å få fram enda fleire erfaringar blant målgruppa. Sjølv om min studie berre involverer seks informantar, derav to par og to individuelle, vil eg likevel tru at andre minoritetsforeldre som har gjennomgått obligatorisk ICDP-kurs kan kjenne seg att i utsegnene og tema som kom fram i studien. Mange av informantane tek opp dei same utfordringane knytt til ulike tema, noko som kan indikere at funna kan gjelde fleire minoritetsforeldre enn akkurat dei som var med i denne studien. I den grad lesarane kan kjenne seg att i resultatata i studien, kan vi omtale dette som ei analytisk lesarbasert generalisering.

Studien gir ei viss innsikt i minoritetsforeldre sine erfaringar med obligatorisk rettleiing, samt styrker og svakheiter med ICDP som verktøy i foreldrerettleiing. Det kan difor tenkast at studien har relevans for fagpersonar som aktivt nyttar ICDP-programmet i møte med minoritetsforeldre. Dette kan vere ICDP-trenarar, rettleiarar, eller fagpersonar som rekrutterer minoritetsforeldre til foreldrerettleiingsgrupper. Fagpersonar som generelt arbeider med minoritetsfamiliar og integrering innan instansar som flyktningtenester, helsestasjonar, barnehagar, skular og barnevern kan også finne studien relevant.

## 6.9 Forskingsetikk og eigen rolle som forskar

Ifylgje Malterud (2017) er kvalitative data tekstar som kan innebere menneske sine livserfaringar og tankar, og det språklege uttrykket kan difor ofte vere av sensitiv og personleg karakter. Dette stiller ifylgje Malterud (2017) strenge krav til samtykke. Blant anna skal deltakaren kjenne godt nok til studien til å kunne ta stilling til om hen vil delta med sin kunnskap eller ikkje. Deltakaren skal på førehand også vite om korleis data skal innsamlast og handterast, og ha moglegheit til å seie nei utan å komme i ein utfordrande situasjon. Forskaren skal syte for at deltakaren kjenner seg trygg på at personvern og anonymitet blir

tilfredsstillande ivareteke, utan risiko for å verte attkjend. Dette er særskilt viktig dersom deltakaren fortel historiar frå forhold som normalt er under teieplikt (Malterud, 2017, s.214).

Under sjølve intervjuet er forskingsetikk knytt til kravet om at deltakaren ikkje skal komme til skade. Ein bør såleis tenke over eventuelle ubehag eller skadar, spesielt i høve tema som er kjenslelada (Tjora, 2021, s.187-194). Dette vart også viktig å ha med seg gjennom analysen og endeleg framstilling av studien.

I samband med intervjusituasjonen skal deltakaren alltid bli informert om korleis opptaket skal brukast, og kven som får tilgang til det som er blitt sagt. Skal framgangsmåten vere forsvarleg reint forskingsetisk, er skriftleg informasjon og informert samtykke er ein føresetnad. Datatilsynet sine reglar og prosedyrar føreutset at materialet; både fysiske og digitale, vert oppbevara nedlåst og utilgjengeleg for utanforståande (Malterud, 2017, s. 214-215). Ein er også plikta til å søke prosjektet godkjend av personverntenester for forskning, Sikt (2024), i medhald av Personopplysningslova (2018).

Alle desse prinsippa ivaretok eg gjennom min studie. Eg søkte prosjektet godkjend gjennom Sikt (2024). Informantane fekk presentert informasjonsskriv med tolk, og var sikre på innhaldet før dei samtykka til å bli med i studien. Under intervju nytta eg diktafon, og oppbevarte den og andre fysiske papirmateriale knytt til studien i låsbart skap når det ikkje var i bruk. Etter utførde intervju overførte eg filene til Høgskulen på Vestlandet sin forskningsserver, og sletta dei alle andre stader. Eg anonymiserte namna, slik at informantane ikkje kunne bli attkjende. Det har eg også gjort gjennom presentasjonen av funna mine. I tillegg har eg anonymisert kommunen der intervju fann stad, samt landa informantane kjem frå.

## 7. Resultatpresentasjon

Som Malterud (2017) tilrår, presenterer eg i dette kapittelet dei ulike kodegruppene med tilhøyrande mellomtitlar og mikrokondensat som kom fram gjennom analysen min. I tillegg vil desse bli illustrerte med relevante sitat frå informantane for å konkretisere hovudfunna (Malterud, 2017, s. 108-110).



Når det gjeld bevisstgjerjing av skilnader i samfunnsystem og kultur var dette heilt klart eit tema samtlege av informantane var opptekne av. I og med at dette vart den største resultatkategori, vart det også ein del subkategoriar som eg etter kvart opplevde at eg måtte slå saman då det var krevjande å skilje kva kategoriar som skulle inn under samfunnsystem, og kva kategoriar som skulle inn under kultur, då desse nokre gonger flaut i kvarandre med utydelege skilje.

I framhaldet vil dei to foreldrepara heretter bli omtala som Noura & Mohammad, og David & Regina. Dei individuelle informantane vil bli omtala som Nadia og Kokeb. Dei ulike informantane kom til Noreg på ulike tidspunkt, mellom 2014-2022. Noura & Mohammad og David & Regina kom saman som par, medan Kokeb kom via familiesameining. Nadia ventar framleis på familiesameining. Noura og Mohammad har budd lenge i midlertidig eksil i eit naboland. Eg vil heretter kalle deira bakgrunnsland for «heimland» og «naboland». Til saman har informantane 14 barn i alderen 4-20 år.

## 7.1 Om oppleving av møta med rettleiar og sjølv ICDP-kurset

### 7.1.1 Oppleving av kommunikasjon og ivaretaking i møta med rettleiar

Informantane eg intervjuja hadde lite fråfall når dei gjennomførte ICDP-kurset, og var stort sett til stades på alle treffpunkt. Foreldra sine erfaringar knytt til møte med rettleiar og ICDP-kurset kom fram på ulike, men positive måtar under intervjuja. Når det gjaldt kommunikasjon og korleis deltakarane vart behandla av rettleiar, skildrar samtlege av informantane kommunikasjonen som enkel og forståeleg, og at dei kjende seg ivaretekne under treffpunkta.

Nadia fortel om sine erfaringar med kommunikasjon og korleis ho vart behandla av rettleiar gjennom kursmøta:

(...) Men det var jo faktisk veldig enkelt å snakke med rettleiar. Han er jo veldig sånn open, typ, det var veldig enkelt å dele bekymringane mine viss eg hadde nokre utfordringar med barna mine – så var det berre å komme liksom, å snakke om det. Han var jo alltid open, og liksom, alltid, eg følte meg veldig godt teken vare på. (...) Heilt i starten var det jo liksom vekentlege møter, ikkje sant, så vi møtte jo kvarandre veldig ofte. Etterpå så var det litt sjeldnare møte, men for meg var det faktisk viktig å

kunne møte ein i alle fall ein gong i månaden for å kunne ha nokon å snakke med, eg ser jo veldig mykje nytte i det for meg sjølv.

Vidare formidla samtlege at rettleiar var snill og hyggeleg, og at det var godt å ha moglegheit til å ha nokon å snakke med når det gjaldt både barna, familien, bekymringar og deira noverande situasjon. Vidare nemnde nokre av informantane at møta var både lærerike og nyttige. Derimot framheva eit foreldrepar at det var nokre språkutfordringar knytt til tolkebruk på enkelte av treffpunkta under sjølv kurset.

Mohammad hadde desse erfaringane med kommunikasjon og ivaretaking gjennom kurset:

Det var null problem, tvert imot. De prøver å beskytte oss, og de gir oss alt vi treng, så kvifor skal eg ikkje berre gi littegrann og fortelje litt og vere ærleg om korleis livet er heime hjå oss? Eg er ein vaksen mann, og eg veit kva som er rett og kva som er feil oppseding, og eg veit at dei får rett, det vi gjer er det beste for barna. Difor er eg heilt einig, og det er heilt greitt for meg. Han var veldig snill og hyggeleg.

Kokeb skildrar sine erfaringar knytt til sjølv møta på denne måten:

Ja, det var bra eigentleg, at i byrjinga så visste eg ikkje kva eg skulle gjere, så det var litt vanskeleg. Men etter det har eg lært mykje, og har meir kontakt med barna, også veit mykje om barna. Så det var fint.

Desse sitata representerer informantane sine samstemte positive uttrykk når det gjeld oppleving av rettleiingsmøta og rettleiar si rolle.

### *7.1.2 Tankar om kurset i førekant og kursinnhald*

Informantane sine tankar om kurset i førekant var ulike, der nokon såg positivt på det å delta på obligatorisk foreldrerettleiingskurs, medan andre framsto meir skeptiske.

Nadia skildrar tankane ho hadde i førekant av kurset, som inneheldt skepsis knytt til å delta på kurset:

Åh (stønner)(ler). Nei det første eg tenkte liksom, herregud, har eg ikkje lært å bli mamma på 15 år, liksom. Eg kan jo mykje. Men så tenkte eg liksom, okay, må eg så må eg. Då berre kjem eg.

Kokeb skildrar tankane han hadde i førekant av kurset, og hadde til forskjell frå Nadia ei meir positiv innstilling til kurset:

Ja, eg fekk beskjed om dette programmet først, og så har eg lært meir og når eg gjekk på kurset var det fint, eg tenkte positivt om dette kurset.

Når det gjeld tema og innhald i kurset, forstod eg raskt under intervjuet at det var vanskeleg for informantane å hugse spesifikke tema dei snakka om eller ulike oppgåver som dei løyste undervegs. Dette kan grunnast med at nokre hadde nyleg gjennomført kurset, medan det hadde gått lengre tid sidan andre informantar tok kurset. Fleire av informantane hadde vanskar med å attgje spesifikke tema frå ICDP-huset ved spørsmål om kva tema dei likte mest/minst, men hugsar likevel enkelte augeblinkar eller tema som har gjort inntrykk, som dei trekkjer fram i utsegnene sine.

David skildrar sine erfaringar når det gjeld tema og innhald i kurset, og trekkjer fram kommunikasjon og dialog med barna som viktige:

Vi lærte om ulike ting om barn, korleis dei skal vekse opp, korleis vi skal følgje barn. Så vi lærte mykje om desse tinga. Det som eg var fornøgd med var dialog med barn. Viss det ikkje er dialog heime med barna, er det ikkje nokon ting som blir bra.

Regina skildrar sine erfaringar knytt til tema og innhald i kurset, og trekkjer fram videoar som viktige for å forstå best mogleg:

Det var nokre spørsmål som var vanskeleg å svare på undervegs, men då spurde vi berre rettleiar om korleis vi skulle gå fram, eller såg på videoar for å finne ut av det. Viss det var noko vi syns var vanskeleg, kunne vi sjå på videoar for å forstå det som vi syns var vanskeleg.

I likskap med Regina trekkjer også Mohammad fram videoane som lærerike:

Det var ein film som inneheldt veldig mykje informasjon. Til dømes viss du er ute på butikken med sonen din, og han vil ha ei leike eller godteri, og faren seier nei, også byrjar barnet og skrike «eg vil, eg vil». Så viss faren seier åååå.. folk ser på deg og eeh... eg berre kjøper det til han, då er det feil. For det kan skape problem, og etter kvart vil det då bli mykje, mykje verre. Og det likte eg, og er einig i den filmen. Det var ein kort film, men med veldig mykje informasjon som er veldig viktig i livet, for barn.

Mohammad skildrar også fleire av sine erfaringar knytt til tema og innhald i kurset, og trekkjer fram det som ein gjennom kurset kallar positiv grensesetjing. Ut frå det Mohammad sa, hadde han meiningar i heimlandet som også passar med det han lærte i Noreg.

Eg likte tema om barn. Barn i heimlandet får lov til å gjere alt når dei er små. Barn frå 1 år får lov å gjere absolutt kva dei vil, dei lærer ikkje at det der ikkje er lov. Dei lærer det når dei vert store. Eg likte ikkje det. Eg syns her i Noreg, det har eg lagt merke til at, nei, det er feil. Her byrjar de med dei når dei er små, ikkje når dei er store. Og eg var aldri einig i at barn gjer kva dei vil når dei er små. (...)

Mohammad trekte fram dette som eit døme på det han har lært om den norske kulturen og korleis ein behandlar barna i Noreg, og at han var veldig nøgd med måten dette vart framstilt på kurset.

### *7.1.3 Bevisstgjerjing av eigen foreldrepraksis*

Gjennom ICDP-kurset er føremålet at deltakarane skal reflektere over eigen foreldrepraksis nettopp for å bli meir bevisst korleis ein opptrer i ulike situasjonar. Informantane set ord på dette på ulikt vis, og fortel blant anna om kva dei har lært og blitt meir bevisste på når det gjeld eigen foreldrepraksis, men òg kunnskap om foreldrerolla generelt. Under denne overskrifta ligg fokuset på kva informantane trekkjer fram når det gjeld bevisstgjerjing kring tileigna kunnskap eller nytte etter kurset. Det vil også vere fokus på refleksjonar dei har kring eigen foreldrepraksis. Sjølve endringane vil eg ta opp under eige kapittel om rapporterte endringar. Fleire av informantane understrekar viktigheita av kurset, og at alle som flyttar til Noreg bør få moglegheit til å ta kurset for å kunne lære meir om den norske kulturen og barneoppseding.

Kokeb var ein av dei, og formidlar at han er blitt meir bevisst på korleis ein kommuniserer og er open med barna, og lyttar til dei for å skape ein betre relasjon. Kokeb framhevar også kurset som viktig, og at alle som kjem frå andre land bør få gjennomgå dette kurset:

Frå kurset lærte eg meir om at når barna blir større, vaksne, må ein høyre kva barnet vil. Vi kan ikkje bestemme kva vi vil, men vi må høyre på kva barna vil. Vi må prate med barna. Vi må vere opne med barna, for når vi snakkar saman, viss det skjer noko på skulen eller viss det er noko, så kan ein diskutere saman om dette og alt blir bedre. Viss ein ikkje snakkar om slike ting held barna det inne, og det blir ikkje bra i framtida. Så det er jo bra å diskutere ope kring slike ting. (...) Kurset er jo viktig, elles veit vi ikkje korleis vi skal passe barna eigentleg. Vi brukar våre svar på korleis dei skal vekse opp. Det er viktig å gje kurs om korleis vi skal passe barna i Noreg.

Nadia fortel at mannen hennar som er att i heimlandet har byrja å ruse seg, og korleis ho er

blitt bevisst over at ho skjermar borna sine ovanfor han når han er synleg rusa. Nadia syner også bevisstgjerung om korleis ho sjølv opptrer ovanfor borna når ho vert sint på mannen sin, og at ei av samtalanane ho hadde med rettleiar ut over sjølve kurset, seinare skulle skape endring. Utgangspunktet var at mannen hennar i heimlandet hadde forandra seg, og at han ikkje hadde aktivitetar utanfor huset lengre, men berre var heime. Ho famla litt i starten, og det verka som ho hadde vanskar med å uttrykkje det:

Eg veit ikkje kva som har skjedd, men han plutselig klikka litt, eller han klikka, og så byrja han å drikke mykje. Kvar gong vi ringde han var han veldig rusa, og kunne ikkje liksom snakke og så vidare. Også var eg litt sånn; eg ville ikkje at han yngste skulle sjå pappa sånn som han var. Og så var eg veldig sånn irritert av det, å berre liksom sjå at han er sånn som han var, og etter vi var ferdig med samtalen, så var på ein måte alt av irritasjon retta mot barna, for eksempel eg byrja å skrike på dei for heilt enkle situasjonar. Eg har snakka om det saman med rettleiar, og det hjelper jo å berre få snakka med nokon og sjå på meg og folk frå ein annan vinkel, også er det liksom mykje enklare no for meg å berre kontrollere det eg gjer, berre liksom å, etter å få snakka om det høgt. Så det hjelper med å kontrollere på ein måte fortida.

Mohammad framhevar også kurset som viktig og lærerikt, og at alle – sjølv dei som ikkje vil, bør gjennomgå kurset:

Eg er veldig fornøgd, eg har lært mykje. Og eg syns alle må, også dei som ikkje vil, at alle får moglegheita fordi du lærer mykje. Og det er viktig viss ein skal leve her, eller berre vere her ei stund, er det viktig at ein lærer dei andre sin kultur, veit ting, for eksempel...

Noura framhevar positiv grensesetjing som noko ho er vorten meir bevisst etter kurset, og formidlar bevisstheit om at det er annleis i heimlandet:

Når dei får lov til å gjere alt når dei er små, blir det vanskelegare å lære dei kva som er feil og riktig når dei blir større fordi dei har mindre erfaring. Men her i Noreg gjer de det 100% riktig. Og det likar eg. Fordi når du lærer dei allereie frå barnehagealder at «nei, du har ikkje lov å gjere det, du har ikkje lov å slå», då veit dei det. Då veks dei med det, at det ikkje er lov. Ikkje som i heimlandet, der er det omvendt.

David trekkjer fram generell kunnskap om foreldrepraksis og barneoppseding. Han er bevisst på at nokon praksisar dei lærte på kurset liknar på praksisar i heimlandet, men at dei også har tileigna mykje ny kunnskap gjennom kurset:

Det var masse god kunnskap som vi lærte, som vi ikkje hadde frå før. Det var masse vi visste om, men også masse nytt som vi lærte. Det var mange ting som vi lærte, som vi

har brukt sjølv. Som vi også brukte i heimlandet, men også nye ting som vi ikkje visste om eller brukte der.

David fortel om ein instruerande film dei såg på kurset. Han meiner at den foreldrepraksisen dei såg der samsvarte med praksis han kunne frå heimlandet. Han får såleis fram at ikkje alt på kurset var nytt.

## 7.2 Bevisstgjerjing av skilnader i samfunnssystem og kultur

### 7.2.1 Samfunnssystem

Nokre av informantane trakk fram introdusering til norsk lov og kultur som ei form for bevisstgjerjing, medan andre tok opp sjøve forskjellane på Noreg og deira heimland knytt til spesifikke tema eller situasjonar. Eit typisk døme på dette var kor ulik betydning storfamilien kan ha i Noreg i motsetnad til heimlandet. Eit anna døme var helsehjelp i velferdsstaten Noreg kontra heimlandet. Ein informant trakk fram barnehage som eit døme på kulturskilnad, og fortel om store skilnader i korleis dei vaksne i barnehagen opptrer framfor barna her samanlikna med heimlandet, der dei ved nokre høve tyr til oppdragarvald. Ein annan informant trekte fram skilnader knytt til skulegang og utdanning, og at borna ikkje kunne gå på skulen i heimlandet grunna krig.

David forstår skilnadene som lov kontra tradisjon eller kultur:

Vi må følgje lov her i Noreg, som Noreg anbefaler... med barn. Så vi må fortsetje slik. Ikkje at ein skal gjere det som vi gjorde før. Det er mange ting som ein gjorde heime som ein ikkje kan gjere her, fordi det ikkje er lov. I Noreg følgjer du lov, og i heimlandet følgjer du kultur. Det er stor forskjell. Vi ynskjer å ha eit godt liv her, for oss og barna, og gjer det som vi må gjere.

Regina trekkjer også fram dette med lov kontra tradisjon eller kultur, og nemner også skilnader i helsehjelp frå staten og skulegang. Ho meiner at dette heng saman med kultur knytt til storfamilien. Slik ho forstår dette, kan staten bestemme meir over deg når den også stiller opp for deg:

(...) Når du er i Noreg må du følgje lov, du skal ikkje gå utan å følgje lov og du må gjere alt det som er rett. I heimlandet kan du gjere kva du vil, det er ingen som skal kome og spørje deg om noko. Her i Noreg får ein hjelp av sjukehus/helse, ein får hjelp av skule, når ein blir gammal, ein får hjelp også når ein er sjuk og ikkje kan jobbe. Det

kan ein vere stolt av her i Noreg. I heimlandet får du ingen hjelp, du må betale alt sjølve, både skule, sjukehus, du må passe på dei gamle... og alt. Det er familien som hjelper deg. Her i Noreg får du hjelp av staten, og difor kan staten bestemme kva dei vil, fordi dei gjer alt for deg.

Nadia trekkjer i tillegg fram skilnader blant barnehagetilsette i heimlandet kontra her i Noreg, og at dei ved nokre høve kan slå barn (i heimlandet):

(...) Det som er faktisk forskjellen, det er at liksom i heimlandet så er det store grupper og berre ein pedagogisk leiar, som skal passe på alle, og då blir det veldig fort kaos, ikkje sant, dei blir veldig fort sinte og dei kan til og med slå barna. Det har eg aldri opplevd her, her er det jo veldig mange tilsette, mange vaksne som er saman med barna, leikar og tek vare på dei. Akkurat dette er jo annleis. Det er litt sånn, eg er jo kjent med at... i heimlandet så kan jo folk slå barn. Det er jo akkurat det, at på ein måte, nulltoleransen for det er jo heilt annleis... (I Noreg).

Desse sitata viser døme på både det informantane har observert når det gjeld skilnader i samfunnsystem og kultur, og i nokre høve korleis dei forstår desse skilnadane.

### *7.2.2 Oppseding*

Når det gjeld oppseding av barn i Noreg, er det fleire av informantane som trekkjer fram stikkorda fridom, tryggleik og respekt. Dei formidlar at dei kjenner seg tryggare og friare i Noreg, og at det på mange måtar har sletta enkelte bekymringar dei kunne ha i det krigsramma heimlandet. Ein informant trekkjer fram at born vert oppseda på ein høflegare måte her i Noreg. Ein annan informant har fokus på at det er skilnader både på måten han er oppvaksen på, barneoppseding i heimlandet og måten han no oppsedar barna sine på i Noreg.

Kokeb fortel om skilnader i måten han er oppvaksen på og barneoppseding i heimlandet kontra Noreg. Ein av skilnadene er at fleire kunne dele på barneoppsedinga i heimlandet:

Eg må berre passe godt på barna mine her, vere veldig forsiktig med barna. Til dømes, i heimlandet kan du gi barna til dei som jobbar heime, men her er det berre mor og far, det er ikkje moglegheiter for eit samarbeid heime, så det er stor forskjell.

Nadia meiner barna vert oppseda på ein høflegare måte her i Noreg:

Ja, sånn som eg ser på det... (eeeh) dei får jo veldig mykje bra av å vekse opp her, og

sjølv om liksom... viss ikkje ein skal ta i betraktning krigen og ein skulle sei det var vanlege tider, så er det litt annleis sånn sett at barn blir jo oppfordra/oppseta på ein meir høfleg måte då (...).

Noura set ord på kor mykje større friheit borna og familien no har i Noreg til forskjell frå heimlandet dei flytta frå – og at dei i byrjinga hadde vanskar for å tru at det var sant. Eg vil presisere at fridomen her ikkje handlar om kulturskilnader, men heller fråvær av krig og konflikt:

Når vi budde i heimlandet eller i nabolandet kunne vi aldri la barna gå ut og leike ute, spele fotball eller aktivitetar, som vi gjer her i Noreg. Aldri, aldri. Men etter at vi kom hit, etter lekser og når dei har hjelpt til å rydde og sånn, då får dei lov til å gå ut. (...) Men her er det friheit, og eg forklara at her kjem det ikkje til å skje noko med dykk, det er trygt. Først var dei sjokka... (...) «Kva seier du, meiner du det? Får vi lov?». (...) Så dei er veldig fornøgde. Og ja, eg merkar at barna kjenner seg veldig trygge, og alt dei ikkje hadde lov til før har dei lov til å gjere no.

### *7.2.3 Storfamilien og kjønnsroller*

Eitt foreldrepar tok opp viktigheita av storfamilien som eit tema, og at dei innan storfamilien hadde ulike roller avhengig av kjønn. David fortalde om at det er faren som har hovudansvaret for familien sin, og at det ligg mykje ansvar på dei som fedrar. Det er fedrane som skal arbeide og tene til familien sitt opphald, og dei fortel om at dei tek vare på sine eldre på ein heilt annan måte enn her i Noreg. Regina tek også opp tal barn som ein enormt stor skilnad, og at dei får vesentleg fleire barn i heimlandet, uavhengig av økonomisk status. Regina ytrer seg også om familielivet og betydningen av storfamilien, og at det her er store skilnader på heimlandet og Noreg:

(...) Her i Noreg er heile familien berre far, mor og barn. Heime er familien ikkje berre mor, far og barn – men kusiner, nieser, bestemor, alle. I heimlandet passar vi på dei eldre når dei blir gamle, ikkje som her, når dei blir gamle her må ein sende dei på sjukeheim. Her i Noreg får dei eitt barn, to, tre. Men i heimlandet enten du er rik eller fattig får du fleire barn, 5-6-7-8-10. Det er du som betaler sjølv.

David fortel vidare om si rolle som far i heimlandet, og at det er skilnader på kjønn og kven som er i arbeid ute og heime. Ifylgje David får ein ikkje hjelp frå staten i heimlandet, slik som i Noreg. David fortel også litt om barna si rolle, og at det ligg ei forventning om at barna ein



gong skal passe på dei som foreldre når dei vert eldre:

Andre ting som er forskjellige frå Noreg til heimlandet, det er faren som må passe på heile familien. (...) Men her i Noreg får ein hjelp. I heimlandet er alt veldig vanskeleg. Ein, altså faren må jobbe veldig hardt for å hjelpe heile familien, skaffe mat, klede og...jah, det er faren som må gjere alt. Bur du heime hjå foreldra kan du ikkje forlate huset. Faren skal passe på deg, betale mat og skule, gjere alt heilt fram til du er gift. Ikkje som her, der du flyttar heimanfrå når du er 18. I heimlandet gjer dei ikkje det... Om du er 18 eller 13, eller, viss du ikkje er gift skal du bu heime hjå mamma og pappa. Også dei som blir gamle....barna skal passe på mamma eller på pappa. Dei gamle får ikkje noko hjelp eller pengar frå staten i heimlandet....

Skilnadene i familielivet som Regina og David har lagt merke til, inneheld mange aspekt: Kven som blir rekna med i familien, kor mange barn ein får, kven av foreldra som har inntektsgjevande arbeid, kva tid ungdomar kan flytte ut, samt ansvaret for dei eldre. Dette kjem i tillegg til skilnadene i kva det offentlege har ansvar for, slik som skule og eldreomsorg.

#### 7.2.4 Barnevern

Tre av fire informantar tok opp barnevern som eit aktuelt tema utanfor intervjuguide, noko eg valde å plassere under resultat kategorien *bevisstgjerings av skilnader i samfunnsystem og kultur*. Barnevern var tydeleg eit tema informantane var opptekne av, og hadde behov for å snakke meir om. Fleire formidla at dei har vore redde for barnevernet, og redde for å grensesette, eller seie nei til barna sine, i frykt for at barnevernet skal ta frå dei barna. Vidare formidla nokre av informantane at dei skulle ynskje at alle som kom til Noreg fekk moglegheit til å gjennomgå ICDP- kurset, nettopp for å lære meir om barnevernet, og at ein del av rykta og mytane ikkje stemmer. Ein informant skulle til og med ynskje dei hadde liknande instans i heimlandet, som fungerte like godt som det gjer her i Noreg.

Nadia fortel om redsel knytt til barnevernet grunna historier ho hadde høyrte, men at ho no har endra oppfatning av korleis barnevernet fungerer:

Nokon gonger har eg vore redd for barnevernet, men det er liksom sånn at det er ikkje noko å vere redd for. Dei skulle gjerne hatt liknande institusjon i heimlandet, sånn som kunne hjelpe barn. Ja, det stemmer jo at liksom folk har vore veldig redde for det (barnevernet), for det har jo vore forskjellige historier, ingen veit kvar dei

kjem frå, men ein berre høyrer dei ikkje sant? Eg høyrde jo også ei historie om at barna vart fråtekne allereie på mottaket. Men eg syns personleg at liksom, ....at dersom dei har gjort det er det faktisk noko historie bak, det var på ein måte noko som førte til det då.

Mohammad formidlar at han skulle ynskje at alle som flyttar til Noreg får moglegheit til å ta ICDP-kurset fordi ein også lærer mykje om kva eit barnevern er, og at dei ikkje er slemme. Mohammad formidlar også i likskap med Nadia at han og kona tidlegare har vore redde for barnevernet, og redde for å grensesetje i frykt for at dei skal bli fråtekne borna:

Eg vil gjerne at alle som er her i Noreg som er nyleg komne, eller for dei, eller alle som ikkje veit noko om Noreg, - dei fleste eller nesten alle saman trur barnevernet er slemme folk som - viss du seier nei til barna dine så kjem dei og tek barna dine frå deg fordi du lærer dei disiplin. Så eg vil gjerne at på kurset de kan lære folk at det er feil, dei tek ikkje barna til folk for at dei lærer dei disiplin, dei tek barna berre fordi foreldre gjer ein stor feil som kan skade barna framover. Til og med vi trudde det, at dersom du seier nei så blir barna vekke, eller at då tek dei barna frå oss. Det er veldig mange som framleis trur at barnevernet er slemme folk rett og slett.

Noura fortel også om sin tidlegare redsel for barnevernet, som no er endra:

Til og med då eg kom til Noreg var eg livredd for å gjere ein liten feil, for at dei skulle komme å ta barna frå meg. Men etter litt tid, og kvar dag som gjekk, så såg eg at til og med barna som er ute og leikar, nei det er feil. Det stemmer ikkje, det er ingen som kjem og tek barna frå deg fordi du seier nei.

Regina fortel også om sitt ynskje om at alle bør gjennomgå ICDP-kurset, med tanke på å lære meir om kva eit barnevern er. Ho fortel i tillegg om historier ho tidlegare høyrde om barnevernet, og om redselen ho tidlegare hadde for å bli fråteken barna.

Etter kurset har vi forstått kva eit barnevern er. Det som vi også har lært er at....det vi høyrde frå andre folk før vi reiste....når du reiser til Noreg, viss barna spør deg om nokon ting og du seier nei, eller viss du ikkje gjer som dei seier, kjem dei (barnevernet) og tek barna dine bort. For før hadde vi ikkje god økonomi, og då tenkte vi på og var redde for at barnevernet skulle komme og hente dei når barna spurde om vi kunne kjøpe noko og måtte seie nei.

Regina sin redsel hang såleis saman med både økonomi og grensesetjing. Utsegna hennar blir slik sett eit døme på korleis rykte og mytar også kan bli tolka i lys av heimlandet sin kontekst.

## 7.3 Rapporterte endringar i foreldrepraksis

### 7.3.1 Kommunikasjon- og relasjon

Når det gjeld konkrete endringar i foreldrepraksis eller samspelet med barna, fortel dei ulike informantane om ulike forbetringar, eller endringar. Ein informant peikar på at ho no står nærare borna sine, grunna at dei no kommuniserer betre enn tidlegare. Same informant nemner også at ho er vorten flinkare i si grensesetjing ovanfor barna, og at ho no passar på å forklare dei kvifor ho gjer som ho gjer, der ho tidlegare kunne ha ein tendens til å forlate situasjonen. Ein annan informant trekkjer fram at han har lært å kunne snakke med barna sine om både positive og negative ting som viktig, og ikkje alltid berre det som er godt. Fleire av informantane trekkjer fram dette med betra kommunikasjon, og at det har påverka relasjonen dei har med borna sine i positiv forstand. Fleire av informantane nemner også at dei tek seg betre tid til å lytte til og snakke med barna sine, at dei tek seg meir tid til å vere til stades saman med dei, og at dei er vortne meir tolmodige. Nokre nemner at dei er vortne flinkare til å gje forklaringar til barna, og har innsett at barna hadde meir behov for dei som foreldre enn dei tidlegare hadde tenkt. Ein informant trekkjer også fram ei konkret endring knytt til korleis ho som rollemodell opptrer framfor barna sine.

Nadia skildrar endringar i måten ho kommuniserer med barna sine på, og at det har ført til betra samspel dei imellom. Ho fortel i tillegg om positive endringar i hennar grensesetjing etter kurset. Ho merkar at meir av ansvaret no ligg på ho som åleineforelder, då mannen er att i heimlandet, og at kurset har gjeve henne reiskap til å klare begge foreldre sine roller:

(...) eg kan sei det no med ein gong at vi har blitt nærmare med kvarandre. (...) Men det var liksom det med å flytte, sjølve endringa vi har vore gjennom har vore veldig krevjande. Så det var jo litt sånn at eg eller ho (dottera) ville jo berre lukke oss inne på eit rom og berre vere der.. i stillheit. Men no er det sånn at vi snakkar saman med kvarandre, vi liksom... vi ikkje berre er saman, men vi snakkar saman og deler med det vi erfarte. (...) sånn som det var før så kunne eg liksom sei at «det er ikkje lov» - og halde fram med mine ting og satse på at pappa kjem til å forklare han kvifor det ikkje er lov. Men no er det sånn at liksom, eller det var sånn først at eg sa sånn «det er ikkje lov», og deretter gjekk for å fikse mine egne ting. Men etter kurset forstod eg at, nei, dette går ikkje. Det er jo ingen som forklarar han kvifor det ikkje er lov osv. Og så kom eg tilbake liksom og byrja å forklare ting. Det var jo sånn før at liksom begge to kunne liksom bytte, viss ein ikkje hadde tid kunne den andre steppe inn og forklare. No er det liksom eg som skal passe på det heile tida og forklare ting.

Mohammad trekkjer fram at han har lært at det er viktig å ha god relasjon til barna sine slik at dei torer å snakke med foreldra, på godt og vondt:

(...) De har frå veldig tidleg, de lærer barn, til og med mindreårige korleis dei respekterer dei eldre, og de er vener med dykkar barn. Ikkje som i heimlandet eller nabolandet, at ein son eller dotter gjer noko dumt så er dei redde for å fortelje det til foreldra, så det blir berre verre. Eg er ikkje sånn, og her har vi lært at ein må vere ven med barnet sitt og fortelje alt som de har gjort slik at ein kan hjelpe kvarandre.

David nemner også at han har lært at kommunikasjon er viktig, og at dei har fokus på å setje av tid til å forklare barna, og tilpasse forklaringar etter alderen deira. David føreslår at ein også bør ha kursmateriell tilpassa ungdommar, ikkje berre dei små:

Ja, det er endring sidan vi var på kurs. Det første dømet eg kan gje... Viss barnet kranglar på skulen med andre barn, skal dei ikkje krangle tilbake eller slå tilbake. Dei må gå og snakke med læraren og fortelje læraren kva som har hendt. Det er mange ting. Vi har seks barn, og det er forskjell på dei eldre. (...) Vi kan ikkje snakke med dei store som vi gjer med dei små. Som med dei små bør ein vise bilder og filmar, slik at ein skal forstå og bruke god tid på å lære borna sine. Også har eg lært at ein skal snakke med barna sine om både gode og vonde ting. Ikkje alltid snakke med barna om det som er berre godt.

Nadia har innsett at barna har meir behov for ho enn ho trudde tidlegare, og at små barn også har tankar og meiningar som må høyrast på. Vidare skildrar Nadia at ho er vorten bevisst på korleis ho som rollemodell opptrer framfor barna sine, og at ho er vorten mykje meir tolmodig i morsrolla:

Sånn enkelt sagt, så forstod eg liksom at barn har meir behov for meg enn det eg trudde før. Eg kan sei det liksom, kurset gav meg mykje tolmodigheit, no er det sånn at eg tek meg tid og forklarar yngste... forklarar ting i staden for å berre gå og liksom «eg gidd ikkje meir». Men no har eg blitt veldig tolmodig. (...) at ein på ein måte må passe på det ein gjer framfor barna sine, der har skjedd ein stor endring. Sånn som eg til dømes, eg kunne jo røyke framfor barna mine. Ikkje han minste på fire då, men framfor dotter då, var det heilt normalt. No kontrollerer eg det veldig. Berre går ut, og prøver liksom å ta røyk medan ho ikkje er der. For eg ser liksom at det fort gjort at ho berre byrjar med det då. Men det er på ein måte mitt ansvar å passe på dei tinga eg gjer sjølv.

Kokeb trekkjer fram det å gje tid til barna som det viktigaste han har lært frå kurset, og at han har fokus på å lytte og kommunisere med barna kvar dag – sjølv om han er sliten. Kokeb formidlar også at han er vorten meir tolmodig i farsrolla:

Det er stor forandring, frå før til etter kurset er det stor forandring. (...) Etter at eg tok kurset, til dømes tolmodigheit. Å bli far er ikkje lett, det å ha barn er ikkje lett. Før, til dømes, kona mi jobba, eg jobba. Og når vi kom frå jobben var vi slitne og gav ikkje tid til barna. Men no, etter kurset har eg lært at vi må gje barna tid. Så sjølv om vi er slitne, gir vi tid til barna. Det er det viktigaste eg har lært. Ein blir sliten, men når dei kjem frå skulen; kvar dag kjem dei på nytt. Dei vil snakke meir. Så vi må vere tolmodige og høyre på kva dei seier og snakke med dei. Det er viktig å gje tid. Så viss vi ikkje vi diskuterer kva som skjer, det som er, så kjem dei ikkje og fortel det neste gang. Så det er viktig å snakke med dei og høyre kva dei seier.

Noura fortel også om at dei har meir fokus på å snakke saman no enn tidlegare:

Etter at vi kom hit vart alt annleis, vi har til og med tid etter vi har ete ferdig middag, etter at vi har rydda og vaska opp alt, vi sit og snakkar om kva dei har gjort på skulen, fortel kvarandre om alt som har skjedd, kva vi kan gjere, lekser og.... Kanskje til og med lære litt norsk. Vi har tid til å snakke om ting etter middag.

Mohammad fortel om ei endring i relasjonen med barna sine i etterkant av kurset:

(...) Då vi budde i nabolandet, var eg med barna som ein ven. Viss barna kom og sa pappa skal vi ditt eller datt.... Så sa eg sjølv sagt, ja då gjer vi det. Då vi budde der hadde vi veldig bra relasjon saman, det er sjølv sagt stor forskjell mellom Noreg og nabolandet, men det er nesten... når det gjeld foreldre og barn, hadde vi det bra, og etter kurset har det berre blitt betre og betre.

Regina trekkjer fram at det har skjedd ei endring i ho og mannen si foreldrerolle, blant anna at dei har meir fokus på å bruke tid saman med barna, og lytte til dei og snakke med dei i staden for å bli distraherert av til dømes telefon:

Det er ikkje så stor forandring på barna, men det er stor forandring på oss foreldre. På kurset snakka vi mest om foreldre, ikkje barn, så vi lærte mykje og det har hjulpet oss. Og vi syns at det er mykje forskjell på før og no – på foreldre. Det er mange ting eg lærde også, den første ting eg kan sei er at før brukte eg ikkje å lytte til barna når dei kom for å snakke, når eg kunne til dømes sitte på telefonen. Men etter kurset - no pleier eg å ha god tid til barna mine og lytte til kva dei har å seie når dei kjem til meg og vil snakke med meg. Viss dei kjem og vil snakke med meg no så sluttar eg å sjå på telefonen eller det eg driv med, og lyttar til dei og snakkar med dei.

Informantane sine forteljingar om endringar i kommunikasjon og relasjon med barna er omfattande og rikholdige, og foreldra får fram ulike sider ved dette temaet.

### 7.3.2 Nye rutinar

I etterkant av kurset var det fleire av informantane som kunne fortelje at dei har innarbeidd nye og forbetra rutinar i kvardagen, til dømes når det gjeld leggetid og kosthald. Her kan ein anta at tema 8 om positiv grensesetjing har verka inn. Fleire av informantane informerte om at rutinane vart skipla etter flyttinga til Noreg, og at det påverka familien på ulike vis – i negativ forstand. Dette kunne til dømes vere utfordringar med å sove, og bekymringar om vener og familie i heimlandet. Dette prega framleis korleis familien handterte kvardagen her i Noreg.

Nadia fortel om rutinar ho hadde som sklei ut etter flytting til eit nytt land, og skildrar korleis ho i etterkant av kurset meistra å få rutinane på plass att – sjølv om det var krevjande og kravde stor innsats frå ho som åleinemor:

Ja, nei, vi har jo prøvd å introdusere nokre nye rutinar, eeh, altså, heile det å flytte, det inneber ein god del endring i rutinar osv, og så er det slik at vi har slitt litt med sømn, å legge barna, særleg han yngste, å legge tidleg. Og det var litt sånn.. han kunne jo sovne etter barnehagen sånn rundt kl 16, og så var det heilt umogleg å legge han nesten heilt fram til morgonen då. Så det var litt... var veldig usikker på korleis eg skulle gjere det. Rettleiar anbefalte meg på det sterkaste å liksom få det på plass, å legge han tidleg og ordne det der. Men sånn atferdsmessig så var han litt sånn som barn, han protesterte jo, han ville ikkje gjere det. Så det var jo.. det krevde litt energi, eller liksom.. kravde litt frå mi side.

Noura fortel om korleis deira rutinar har endra seg i etterkant av kurset når det gjeld leggetid og kosthald, frå at barna fekk gjere som dei ville i heimlandet til no å følgje rutinar:

Då vi budde i heimlandet og nabolandet hadde barna lov å ete kva dei ville, godteri når dei ville, sove og vakne når dei ville, men eg og mannen forklara til barna at dei må sove tidleg, for å klare å vakne tidleg, og då har du tid resten av dagen, ikkje et så mykje godteri for då øydelegg du tennene, ikkje et så mykje ting med sukker og salt i... og alltid passar på at barna skal ha det bra» (...) Det er jo desse tinga vi lærer dei som dei skal leve med resten av livet, og som skal gjere dei sterkare og sterkare.

Mohammad fortel om det same som Noura, at han har lært viktigheita av gode rutinar på kurset, og at det har påverka dei som familie positivt:

Først, det som var veldig vanskeleg var å følgje regler, sove tidleg, vakne tidleg, ete frukost, gjere det og det. Første månaden syns vi det var litt vanskeleg, men det gjer

ting så mykje betre at barna lærer rutiner tidleg (...) Først var det vanskeleg. Eg vaks opp utan far, og den kjærleiken eg mangla gir eg til mine barn. Eg vil det beste for barna, og at barna ikkje skal vekse opp som meg, med rutinar der ein kan gjere kva ein vil, å sove og vakne opp når du vil, ete når du vil, osv. Derfor har kurset lært meg mykje. (...) Etter kurset var det i byrjinga litt vanskeleg til å få barna til å følgje reglane, eller systemet som vi seier, som vi lærte på kurs. Det tok ein månad. No er det sånn at dei vaknar tidleg, dei likar rutinar og dei følgjer rutinane. Til og med når det er lunsj går dei ikkje og set seg åleine lengre, vi prøver å sitje saman under måltid (...).

Det var ulike grunnar til at foreldra hadde nytte av hjelpa kurset gav til betra rutinar i kvardagen. Nokre hadde tidlegare hatt faste rutinar som var blitt skipla gjennom flukt og uro for familien i heimlandet. For andre var faste rutinar for leggetider, kosthald og måltid nytt i familielivet. I begge tilfella uttrykkjer foreldra at kurset gav dei reiskap til betring av rutinane, sjølv om det var utfordrande å gjennomføre forandringa.

## 8. Diskusjon

Gjennom dette kapittelet vil eg svare på problemstillinga ved å diskutere informantane sine utsegner og erfaringar opp mot teorien eg har valt og tidlegare forskning på feltet.

Problemstillinga i studien var:

***«Kva erfaringar har minoritetsforeldre med obligatorisk ICDP-retteiing, og korleis har det påverka deira foreldrerolle?»***

Diskusjonskapittelet er delt i tre deler. I kapittel 8.1 vil eg ta føre meg deltakarane sine erfaringar med å delta på obligatorisk kurs, tankar om kurset i førekant, innhaldet i kurset samt kontakten med rettleiar gjennom møta. Eg vil diskutere dette i lys av tidlegare forskning, ICDP sitt grunnlag og valt teori. Gjennom kapittel 8.2 vil eg diskutere korleis kurset eventuelt har påverka minoritetsforeldra si foreldrerolle, i samanheng med foreldra si bevisstgjerung av skilnader i samfunnssystem og kultur. Eg vil difor kome inn på kulturforståing og konsekvensar for familieliv ved å diskutere frykta for barnevern. Eg vil også ta føre meg individualistiske og kollektivistiske oppsedingsstrategiar, samt akkulturasjonsstrategiar i denne samanhengen. Gjennom kap. 8.3 vil eg løfte fram og diskutere dei meir konkrete svara på andre del av problemstillinga knytt til eventuelle påverknader eller endringar i

foreldrepraksis.

### 8.1 Minoritetsforeldre sine erfaringar med obligatorisk ICDP-retteleing

Eg vil først diskutere korleis det obligatoriske aspektet ved å delta i ICDP-programmet kan opplevast for deltakarane ved å ta utgangspunkt i informantane sine utsegner belyst ved Steen- Johnsen og Skreland (2023) sin observasjonsstudie av ICDP-kurs. Det vil i denne delen bli teke utgangspunkt i den første halvdel av problemstillinga:

#### **«Kva erfaringar har minoritetsforeldre med obligatorisk ICDP-retteleing?»**

Som ei innleiing til tema er Nadia sitt utsegn knytt til det obligatoriske ein vekkjar i seg sjølv, noko eg vil kome tilbake til gjennom dette kapitlet.

«...Det første eg tenkte liksom, herregud, har eg ikkje lært å bli mamma på 15 år, liksom. Eg kan jo mykje. Men så tenkte eg liksom, okay, må eg så må eg. Då berre kjem eg».

Studien min syner at dei fleste informantane såg positivt på det å delta i obligatorisk foreldreretteleing, men at ein informant framsto meir skeptisk i byrjinga av kurset. Funna syner at informantane er vortne meir medvitne eigen foreldrepraksis, og kan ha tileigna seg meir kunnskap om foreldreskap generelt. Fleire av informantane understreka også viktigheita av at alle som flyttar til Noreg bør få moglegheit til å delta på kurset. Mohammad var ein av dei: (...) «Eg syns at alle må, også dei som ikkje vil, at alle får moglegheita fordi du lærer mykje».

Hundeide (2001) si målsetjing med ICDP har teke utgangspunkt i empatisk identifikasjon, noko som forutset at foreldra evnar å vere emosjonelt tilgjengelege, syne empati og identifisere seg med eller delta i barnet si oppleving (Hundeide, 2001, s. 19-21). Eg vil argumentere for at informantane sine utsegner knytt til bevisstgjerjing av eigen foreldrepraksis er i tråd med, og kan ha oppfylt Hundeide (2001) si målsetjing, då ein tydeleg ser at dei i større grad erfarer å ta barnet sitt perspektiv, reflektere kring eigen praksis, samt syne interesse og velvilje til å ha fokus på og oppnå barnet sitt beste. Informantane syner



allereie her til situasjonar der dei er opptekne av å kommunisere betre med barna, og lytte meir til barna. Eg tolkar erfaringane deira slik at den empatiske identifikasjonen med barnet har utvikla seg gjennom kurset. Nokre av informantane trekkjer fram videobruk som instruktivt og positivt. Her er det også store ulikskapar. Regina er meir til stades i det kontekstuelle, og ser på videobruk som eit verkemiddel for at ho og mannen betre skal forstå: *«viss det var noko vi syns var vanskeleg, kunne vi sjå på videoar for å forstå det som vi syns var vanskeleg»*. Mohammad står meir i det instruksjonistiske, og ser på det som instruksjonar til rett eller feil foreldrepraksis: (...) *«Til dømes viss du er ute på butikken med sonen din, og han vil ha ei leike eller godteri, og faren seier nei, også byrjar barnet og skrike «eg vil, eg vil». Så viss faren seier åååå.. folk ser på deg og eeh... eg berre kjøper det til han, då er det feil.*

Når det gjeld relasjon med rettleiar og ivaretaking gjennom møta, skildrar samtlege av informantane kommunikasjonen som enkel og forståeleg, og at dei kjende seg ivaretekne. Fleire poengterte at det var godt å ha nokon å snakke med når det gjaldt foreldreskap, samspel med barn og noverande situasjon. Nokre av informantane nemnde også at møta var lærerike og nyttige. Informantane sine utsegn knytt til kursinnhald og deltaking er generelt positive, dette kan ha med rettleiar sin fasiliterande metodikk å gjere, jamfør Hundeide (2001, s. 51). Fleire informantutsegner tyder på ei oppleving av at både foreldrepraksisar i heimlandet og meiningar dei hadde om barneoppseding i heimlandet, samsvarte med det dei lærte på kurset. Døme på dette er David si utsegn: *«Det var mange ting som vi lærte, som vi har brukt sjølv. Som vi også brukte i heimlandet, men også nye ting som vi ikkje visste om eller brukte der»*. Eit anna døme er Mohamad si utsegn om barneoppsedinga i heimlandet: *«barn i heimlandet får lov til å gjere alt når dei er små. (...) Her byrjar de med dei når dei er små, ikkje når dei er store. (...) Eg var aldri einig i at barn gjer kva dei vil når dei er små»*. Kanskje har rettleiar her lukkast i å oppnå målsetjinga til Hundeide (2001), der ein søkjer å aktivere dei allereie eksisterande positive omsorgsmønster som omsorgsgjevar har, og positivt påpeike og stadfeste det gjennom heile programmet for å gjere omsorgsgjevar meir medviten på sine samspelsmønster (Hundeide, 2001, s. 51).

Sjølv om dei fleste ikkje hadde særskilt negative tankar knytt til at kurset er obligatorisk, vil eg diskutere det obligatoriske aspektet ved det, då det kan tenkast at det er eit element som

forstyrrar det store biletet. Ifylgje Rambøll (2020) er målet med obligatorisk foreldrerettleiing at det skal vera eit førebyggjande tiltak. Obligatorisk foreldrerettleiing skal bidra til at nykomne flyktningar, her minoritetsforeldre, får ei grunnleggjande forståing av foreldrerolla i det norske samfunnet (Rambøll, 2020, s. 7).

Dette er, slik eg ser det, både i tråd med og i strid med Hundeide og Rye sine intensjonar med ICDP. Ei viktig side ved ICDP-programmet er ifylgje Hundeide (2005) at det er kulturelt ope, altså at ein legg hovudvekta på å aktivere allereie eksisterande omsorgsmønster, og forsøker å fortolke desse mønstra innanfor ramma av dei normative førestillingane og verdiane som er framtrudande i deira kulturelle bakgrunn (Hundeide, 2005, s. 22). Men er det det ein gjer i Noreg, når ein gjennom ny integreringslov som tredde i kraft i 2021, avgjorde at slike foreldrestøttande tiltak som her, ICDP, skulle bli obligatoriske? (Integreringsforskriften, 2021 §3). Ved å gjere foreldrerettleiingstilboda obligatoriske, indikerer ein då at alle flyktningar som kjem til landet vårt treng å forbetre eller forandre deira foreldreferdigheiter slik Steen-Johnsen og Skreland, (2023, s. 12) held fram?. Rambøll (2020) syner til at tiltaket (ICDP) er selektivt innretta i den forstand at det rettar seg mot ei bestemt målgruppe som er vurderte til å ha behov, primært fordi dei treng *tilpassing* til *norsk* barneoppseding (Rambøll, 2020, s. 7). Dette i seg sjølv kan framstå som ganske stigmatiserande. Det kan tenkast at ein framleis ser spor av det evolusjonistiske kulturperspektivet i ein slik politikk. Brukar ein dette perspektivet ser ein flyktningar som menneske med tradisjonelle kulturelle verdiar på eit lågare nivå enn etnisk norske sine verdiar (Skytte, 2019, s. 20-21).

Steen-Johnsen og Skreland (2023) stiller spørsmål om denne politikken, altså å tvinge minoritetsforeldre inn i obligatoriske foreldrerettleiingskurs, kan frårøve minoritetsforeldra deira ibuande ferdigheiter, kunnskapar og verdiar i deira levde erfaringar. Ikkje berre er kursa obligatoriske, men deltakarane vert i tillegg trekte i løn dersom dei har ugyldig fråvær. Politikken i å gjere slike kurs obligatoriske er i utgangspunktet å forbetre integrasjon, men ved å trekkje deltakarane i løn kan det tenkast at det fører til at deltakinga blir ei slags epistemisk plikt som det vert vanskeleg å flykte frå - utan at det får økonomiske eller moglege sosiale konsekvensar (Steen-Johnsen & Skreland, 2023, s. 2-3).

Ifylgje Steen-Johnsen og Skreland (2023) sine observasjonar av ICDP-kurs er det også ei slags

epistemisk urettferd som oppstår når ein gjennomfører kursa. Dette fordi ein rosar deltakarane når deira eigen praksis er i tråd med ICDP, og at ein skapar rom for diskusjonar, men alltid får deltakarane tilbake på ICDP-programmet sine prinsipp. På denne måten vil ICDP-prinsippa alltid vere dominerande i foreldrerettleiing (Steen-Johnsen & Skreland, 2023, s. 12). Ifylgje Hundeide (2001) er ICDP eit kultursensitivt program som har fokus på å forbetre samspelet mellom foreldre og barn (Hundeide, 2001, s. 16-17). Steen Johnsen og Skreland (2023) hevdar at det er ein fare at ICDP, snarare enn å forbetre minoritetsforeldra sine foreldreferdigheiter, heller undertrykkjer deira kunnskapar og ferdigheiter. Dette fordi det dei kan, veit, forstår og tolkar kan bli undertrykt av prinsippa og den universelle tankegangen til ICDP som kan framstå å kunn «late som» den er kultursensitiv (Steen-Johnsen & Skreland, s. 12). Dette kan vere i tråd med utsegnen til Nadia som særskilt uttrykte skepsis ved at ein neglisjerte hennar erfaring som mor gjennom 15 år ved å måtte delta på kurset, men at ho likevel gjorde det dersom ho måtte.

På den eine sida kan ein såleis vere kritisk til ICDP-programmet som obligatorisk for ei viss gruppe minoritetsforeldre. ICDP si tilslutning til majoritetsideal for foreldreskap kan ifylgje Steen-Johnsen og Skreland (2023) likevel utnyttast som ein ressurs som hjelper deltakarane med å forbetre sin kunnskap om det norske språket, å lære nye foreldreferdigheiter, samt få innsikt i den norske praksisen knytt til foreldreskap (s. 13). Dette samsvarer med mine funn. Døme på dette er utsegnene til Kokeb og Mohammad knytt til at det er fint å få informasjon om å vere forelder i Noreg, og lære meir om det norske kulturen sidan ein skal leve og oppsede barna her. David seier også at han er vorten medviten at ein del av kunnskapen han lærte på kurset er lik som i heimlandet, men at dei også har tileigna seg mykje ny kunnskap som kan kome godt med i eit nytt land. Dette er heilt i tråd med Hundeide og Rye sin intensjon med ICDP om kulturskilnader- og likskapar, samt brubygging (Egebjerg et al., 2016, s.122). Likevel sender ein eit sterkt signal om kva foreldreferdigheiter som er aksepterte, og såleis tvingar minoritetsforeldre til å forhalda seg til majoritetsidealet (Steen-Johnsen & Skreland, 2023, s. 13). I denne samanheng vil eg syne til Berry (2022) sin akkulturasjonsmodell (Berry, 2022, s. 5-6). Er det vi, den norske stat, som tvingar minoritetsforeldra til å tilpasse seg det norske samfunnet? Vike og Eide (2009) stiller også spørsmål ved om det ligg ei sterk forventning i den norske politiske integrasjonsdiskursen om å assimilere i staden for å integrere (Vike & Eide, 2009, s. 14-15).

Ein tanke om at «vår» måte å utøve foreldreskap på er den rette, er i strid med det Hundevide (2001) skriv om likeverdprinsippet og at ein skal invitere deltakarane til erfaringsutveksling knytt til dei åtte ulike samspelstema (s. 51). Steen-Johnsen og Skreland (2023) føreslår at ein kan redusere den epistemiske urettferda ved at norske polititiske myndigheiter ser på avgrensingane til ICDP, og samstundes styrkar sensitiviteten til rettleiarane. Steen-Johnsen og Skreland (2023) argumenterer for å ynskje minoritetsforeldra sine synspunkt, refleksjonar og erfaringar velkomne, heller enn å undergrave dei, og at det kan bidra til ny og viktig kunnskap som støttar opp om og styrkar både foreldra og rettleiarane i det viktige foreldreskapet i Noreg (Steen-Johnsen & Skreland, 2023, s. 13). Og det er jo nettopp det som er intensjonen til Hundevide (2001) gjennom ei fasiliterande tilnærming frå rettleiar ovanfor omsorgsgjevar, ved å syne respekt for omsorgsgjevar sin stil, omsorgsrutinar og verdiar. Intensjonen har også vore å ikkje gjere radikale endringar i deira praksis, men støtte opp om og fasilitere sidene ved deira allereie eksisterande foreldrepraksis (Hundevide, 2001, s. 51). Dette samsvarar med ei kontekstuell kulturforståing; som flyktning har ein utvikla og framleis utviklar sine kulturtrekk i samspel med lokalsamfunnet ein bur i (Skytte, 2019, s. 24-25).

Ifylgje informantane sine utsegner knytt til det obligatoriske aspektet ved ICDP, var det delte meiningar rundt dette, og ein informant framsto meir skeptisk enn andre til å delta. Denne informanten endra sin skepsis undervegs i kurset til det positive. Ein kan undre seg over om dei andre informantane ikkje torde å formidle det dei meinte, og uttrykte det ein som forskar «vil» høyre, eller om dei faktisk stilte seg så positive til kurset som det kom fram gjennom intervjuet. Gjennom mi forforståing og arbeidserfaring på feltet, har eg erfaring med at enkelte flyktningar er særst takksame for å ha fått moglegheit til å kome til Noreg, og såleis kan formidle at alt er bra sjølv om dei i praksis ikkje opplever det slik. Det er viktig å presisere at dette kan ha vore ei fallgrube i intervjuet, men eg vil likevel argumentere for at det er konsistens i materialet, då informantane framsto ærlege og truverdige i dette intervjuet, også med tanke på ulike andre tema og meiningar som kom fram.

## 8.2 Skilnader i kultur og samfunnsforhold og konsekvensar for foreldrerolla

Den andre delen av problemstillinga omhandlar korleis ICDP-rettleiinga har påverka foreldra

sine foreldreroller. I nokre tilfelle vil det vere vanskeleg å skilje mellom ICDP-kurset og dei generelle møta med norsk samfunnsliv og kultur som kjelde til endring. I andre tilfelle har ICDP-kurset bidrege til at foreldra forstod samfunnet betre, og at det vart mindre skremmande for dei. I 8.2 vil eg difor drøfte endringar som er samanvevd med samfunnsforhold og kultur.

Foreldra fortel at foreldrerolla er endra, og endra forståing av samfunnet er ein del av dette. Informantane er særskild medvitne om kultur- og samfunnsskilnader mellom heimlandet og Noreg. Tema som gjekk att hjå informantane var samfunnssystem, lover, kultur, og korleis livet i skule og barnehage arta seg. Vidare var informantane opptekne av dei skremmande forteljingane om barnevernet, og ikkje minst korleis rettleiar hadde hjelpt dei å forstå meir om kva eit barnevern er. Barneoppseding var også sentralt. Her gav dei døme på skilnader mellom praksisar dei var vane med i heimlandet og praksisar dei såg i Noreg eller vart presenterte for på kurset. Vi kan forstå desse skilnadene som individualistiske og kollektivistiske oppsedingstrategiar, jamfør Skytte (2019) og Friberg og Bjørnset (2019).

### 8.2.1 Samfunnssystem

David forstår dei samfunnsmessige skilnadene mellom Noreg og heimlandet slik: «I Noreg fylgjer du lov, i heimlandet fylgjer du kultur». Regina oppsummerer alt staten hjelper deg med i Noreg som familien må sørge for i heimlandet, og konkluderer med at «Her i Noreg får du hjelp av staten, og difor kan staten bestemme kva dei vil, for dei gjer alt for deg.» David og Regina sine forståingar ligg nær Friberg og Bjørnset (2019) sine analysar av skilnader på sterke og svake statar. Ifylgje Friberg og Bjørnset (2019) heng individualisme og kollektivismen nært saman med staten si evne til å regulere sosialt liv (s. 26). Det kan nok opplevast som eit sjokk at storfamilien ikkje har så høg verdi her i Noreg. Utsegnene frå særskilt David og Regina er døme på dette, der dei skildrar viktigheita av ein storfamilie, og at i heimlandet er det familien som hjelper deg, enten det gjeld sjukdom, økonomi, eldreomsorg og barneoppseding. Ikkje staten, som i Noreg.

David formidla også at det var mange tilhøve heime som ikkje er aksepterte her, fordi det ikkje er lov. Vidare formidla han at dei gjer det som dei **må** gjere, for å ha eit godt liv her.

Dette kan, slik eg ser det, igjen henge saman med det Berry (2005) omtalar som akkulturasjon, og at ein kanskje vert tvinga inn i ein dobbel endringsprosess bestående av både kulturelle og psykologiske endringar. Åtferdsrepertoaret blir justert grunna det norske lovverket (Berry, 2005, s. 698-999). I ein ny kontekst, vil ein ifylgje Friberg og Bjørnset (2019) heile tida gjere seg nye erfaringar som kan endre perspektivet og føre til sosiale endringar – men òg potensielt konflikhtar, ettersom reglar kan vere fylte med emosjonell verdi (s. 30).

### *8.2.2 Barnevernet*

Vi kan forstå barnevernet og barnevernet si rolle i det norske samfunnet som eit døme på det som kjenneteiknar ein sterk stat, jamfør Friberg og Bjørnset (2019). Kontrastane mellom staten si rolle i heimlandet og i Noreg som David og Regina skildrar, kan hjelpe oss å forstå frykta for barnevernet som tre av fire informantar uoppfordra tok opp. Informantane fortalde om ein grunnleggjande skepsis då dei først kom til Noreg grunna historier og rykte dei hadde høyrte før dei kom. Fleire av informantane formidla at dei har vore redde for å grensesette, eller seie nei til barna sine, i frykt for at barnevernet skulle ta barna deira. Dette samsvarar med tidlegare studiar (Fylkesnes, 2015; Handulle & Vassenden, 2023) som omhandlar minoritetsforeldre sine oppfatningar av barnevernet; at dei berre tek barn, ikkje går i dialog med foreldre og at dei diskriminerer. Det samsvarar også med Tembo (2021) sin studie som viser at minoritetsforeldre opplever at interaksjonar med både barnevern og velferdstenester generelt fører til ei kjensle av avmakt. Foreldra oppfatta i tillegg at interaksjon med barnevern og velferdstenester kunne opplevast kontrollerande og foreldreovervakande, og at dei kjende seg stigmatiserte og mistenkte for å vere dårlegare foreldre enn dei norske (Tembo, 2021, s. 492-498). Dette kan ha samanheng med at tilhøve eller åtferd som er aksepterte i heimlandet, til dømes kroppsleg disiplinering, strider mot norsk lov (Friberg og Bjørnset, 2019, s. 32). Informantane uttalte at dei gjennom ICDP-kurset endra si oppfatning av kva eit barnevern er, og korleis dei utøver si rolle. Dermed fekk dei avkrefta ein del av rykta og mytane knytt til barnevernet. Informantane skildrar ei heilt anna forståing og tiltru til barnevernet som system i etterkant av kurset, og nokre skulle til og med ynskje dei hadde liknande instans i heimlandet. Berg et al (2017) trekkjer fram manglande kunnskap om det norske barnevernet som grunnlag for frykt (Berg et al., 2017 s. 69). Eg vil i

denne samanhengen argumentere for at informantane sine ytringar knytt til at frykta har snudd til tillit, kan indikere at ICDP-kurset har hatt positiv betydning utover si opphavelige målsetjing.

Med slike skilnader i staten si rolle som nokre av informantane skildrar, kan vi spørje oss om det vi oppfattar som ein sterk og trygg stat som Noreg kan framstå utrygg for nokon. Ifylgje Friberg og Bjørnset (2019) kan eit møte med eit slikt system kjennast som eit sjokk, ikkje berre der ein har andre oppfatningar om kva som er god oppvekst, men der oppseding er familiens suverene ansvar, der staten verken har ambisjonar eller evne til å gripe inn (s. 96).

### *8.2.3 Skilnader i barneoppseding*

Ifylgje Friberg og Bjørnset (2019) har storfamilie, religion og straff vore sentrale verktøy i barneoppsedinga i svake statar, og storfamilien har stått saman om å rettleie og disiplinere barna. I Noreg er ikkje desse verktøya tilgjengelege for minoritetsforeldra på same måte. Storfamilien er oftast ikkje til stades her i landet, og fysisk avstraffing er ulovleg (s. 86).

På den eine sida kan det tenkast at det å oppdra barn i ein framand kultur vil by på ein del utfordringar. Friberg og Bjørnset (2019) peikar på saknet etter eit større fellesskap i familie og slekt, og ei kjensle av at normene som held fellesskapet saman, forvitrar i møte med det norske samfunnet (s. 82). Slik eg tolkar David og Regina sine utsegner, er dei særers medvitne om kulturskilnadane knytt til dette, men er samstundes takksame og stolte av at ein får så mykje hjelp av staten i Noreg. På den andre sida uttalte David og Regina at dei vil gjere alt for å fylgje norsk lov, og at dei ikkje kan forhalde seg til dei same normene som dei som storfamilie gjorde i heimlandet. Regina meiner at når du får hjelp av staten, kan staten bestemme kva dei vil, fordi dei gjer alt for deg. Kanskje kan dette tolkast i lys av Friberg og Bjørnset (2019), som viser til at ein del minoritetsforeldre set pris på gode verdiar i det norske samfunnet, men samstundes kan oppleve at det er normlaust og uforståeleg (s. 89).

Kokeb si utsegn om at han må passe ekstra godt på barna sine og vere veldig forsiktig med dei her i Noreg, kan også tolkast som ei slags frykt for kva som kan skje dersom han hadde halde fram med same oppseding som han gjorde i heimlandet. Vi kan sjå dette som døme på

at minoritetsforeldre har mista nokre verktøy i barneoppsedinga, sidan storfamilien ikkje er der lenger. Ifylgje Friberg og Bjørnset (2019) kan dette føre til ei slags maktesløyse (s. 86). Mohammad skildra at barna i heimlandet får lov til å gjere kva dei vil når dei er små, men at dei lærer kva som er lov og ikkje når dei vert større. Vi kan forstå dette som eit døme på kollektiv oppseding, jamfør Skytte (2019, s. 99). Mohammad skil seg kanskje ut blant informantane då han ved fleire høve uttrykkjer at han er meir samd i den norske, eller individualistiske måten å oppdra barn på, enn den kollektivistiske som var dominerande i heimlandet. Ein kan forstå dette som ein type akkulturasjon der Mohammad har retta seg mot ein slags assimileringstrategi (Berry, 2022, s. 5-6). Ein ser med dette at foreldrerolle og familieliv blant innvandrarar kan påverkast av ulike forhold som ikkje naudsynlegvis har med kultur å gjere, men av sjølvne migrasjonserfaringa og ei tilpassing til eit nytt samfunn (Friberg og Bjørnset, 2019, s. 29-30).

Høy-Petersen et al (2023) sin evalueringstudie av ICDP retta mot foreldre med ungdomar peikar på at rettleiinga ikkje passar like godt for nykomne foreldre frå land som har ei meir kollektivistisk tilnærming til barneoppseding. Vidare peikar studien på at kontrasten til individualistiske oppsedingsnormer vert for stor, med mindre rettleiarane gjer justeringar i tiltaket i form av å gjere det meir kultursensitivt (s. 108). Høy-Petersen et al (2023) føreslår å i større grad gje foreldra rom til å reflektere over eigen bakgrunn og erfaringar, samt introdusere kvart nytt tema med samtalar om foreldra sin bakgrunn og opplevingar med temaet. Ein annan strategi dei føreslår, er å justere kursmaterialet til å bli meir relevant på tvers av ulike kulturar (Høy-Petersen et al, 2023, s. 114).

Hundeide (2009) skriv at det i moderne samfunn vert lagt stor vekt på at foreldre skal vere sensitive og justere seg til barna sine initiativ og aktivitet. I det tradisjonelle samfunnet er det ofte motsett, der det er barna som justerer seg til sine foreldre gjennom observasjonar av og deltaking i ulike oppgåver (s. 14). Hundeide (2009) stiller i den samanheng spørsmål ved om det er rett å nytte ICDP overfor minoritetsforeldre i Noreg, dersom lydigheit og respekt framleis er dominerande verdiar i familien (s. 24). Ifylgje Hundeide (2009) kan det likevel tenkast at ein kan unngå å kome i konflikt med dei ovannemnde forhold ved å nytte ICDP sin strategi; reaktivering og fasilitering av eksisterande positive omsorgsformer. Det inneber, at ein ved hjelp av å fasilitere framfor å instruere vil styrke foreldre sin sjølvtilitt som



omsorgsgjevarar, og at dei som følgje av det blir meir sensitive og medvitne barna sine initiativ og behov (s. 24-25). Måten fleire av informantane i min studie uttaler seg på, kan tyde på at ei slik reaktivering av eksisterande positive omsorgsformer har skjedd.

Mohammad fortel om perioden då dei budde i eit naboland, at forholdet mellom foreldre og barn var godt. «... når det gjeld foreldre og barn, hadde vi det bra, og etter kurset har det berre blitt betre og betre.» Det same gjeld David: «Det var mange ting vi lærte (på kurset) som vi har brukt sjølve. Som vi brukte i heimlandet (...) Det var også ein film vi såg, der vi såg at det var lik praksis som vi kunne frå før.»

### 8.3 Rapporterte endringar i foreldrepraksis som følgje av ICDP-kurset

I framhaldet diskuterer eg informantane sine erfaringar med ICDP-retteleing, og korleis det kan ha påverka deira foreldrerolle ved å syne til tidlegare forskning og teori. Gjennom denne delen av diskusjonen, vil eg ha med meg særskilt andre halvdel av problemstillinga og forsøke å konkret svare på denne;

**«....og korleis har det påverka deira foreldrerolle?».**

#### 8.3.1 Konkrete påverknader på foreldrerolla

Funna i studien syner at samtlege foreldre rapporterte om konkrete endringar knytt til deira foreldrerolle i etterkant av kurset. Fleire av informantane nemnde endringar i kommunikasjonen med og relasjonen til barna. Døme på dette er at dei har fått meir fokus på å lytte til og snakke med barna no enn tidlegare, at dei tek seg meir tid til å vere saman med dei, samt er vortne meir tolmodige. Nokre av informantane nemner også at dei er vortne flinkare til å gje gode forklaringar til barna i enkelte situasjonar, og har innsett at barna har meir behov for dei enn det dei tidlegare hadde tenkt. Nokre av informantane formidla at dei hadde tileigna seg nye og forbetra rutinar som følgje av kurset. Funna tyder på at foreldra er vortne meir medvitne sin foreldrepraksis, og at dei har tileigna seg gode og nyttige strategiar gjennom kurset, som igjen har påverka deira relasjon, samspel og kommunikasjon med barna i positiv retning.

Funna i studien samsvarer dermed med målsetjinga til Hundeide (2005) om å støtte og fremje omsorgskompetanse hjå omsorgsgjevarane (Hundeide, 2005, s. 9). Fleire av utsegnene frå foreldra inneheld konkrete døme som samsvarar med det Hundeide (2001) kallar empatisk identifikasjon; når ein ser at foreldra evnar å setje seg inn i og delta i barnet si oppleving, samt vere emosjonelt tilgjengelege (s. 19-21). Nadia fortel at: «vi har blitt nærare kvarandre (...) Vi ikkje berre er saman, men snakkar saman og deler det vi erfarte». David har lært at: «(...) ein skal snakke med barna om både gode og vonde ting». Kokeb erfarer at sidan han byrja å snakke med barna når dei kjem frå skulen sjølv om han er trøyt, «(...) kvar dag dei kjem på nytt, dei vil snakke meir. (...) Så viss vi ikkje diskuterer kva som skjer, det som er, så kjem dei ikkje og fortel neste gong». Regina opplever at: «Det er ikkje så stor forandring på barna, men det er stor forandring på oss foreldre».

Funna i studien samsvarer såleis med tidlegare forskning om foreldre sine positive erfaringar med ICDP. Dette omhandlar mellom anna forbetra foreldrestrategiar, positive haldningar i møte med barna og generelt positiv påverknad på relasjonen mellom foreldre og barn (Brekke et al., 2021; Savosnick & Olsvold, 2023; Sherr et al, 2011, 2014; Skar et al, 2015).

Både Skar et al (2015) og Savosnick og Olsvold (2023) sine studiar tilfører meir kunnskap om at langtidseffektane av foreldreprogrammet er positive. Denne studien kan ikkje seie noko om det. Foreldra i min studie rapporterer om endringar i rutinar og tankesett og at samspel og situasjonar i heimen framstår enklare no enn tidlegare. Med utgangspunkt i desse funna, kan ein kunn anta at det vil føre til at dei opprettheld denne praksisen, og at det vil vere enklare å halde ved like over tid når dei i praksis ser at det fungerer. Ein kan på den andre sida spørje seg om kvifor foreldra rapporterer om så omfattande endringar, når kurset i seg sjølv ikkje har som intensjon å gjere radikale endringar i deira foreldrepraksis (Hundeide, 2001, s. 51). Det kan tenkast at foreldra gjennom kurset har innteke ei dynamisk tilnærming til foreldrerolla, og at dei såleis er vortne meir observante på endring, eller det å sjå seg sjølv utanfrå. Dei fleste foreldre er jo opptekne av å forstå barnet og er såleis medvitne om å endre si tilnærming for å kunne forbetre denne forståinga. Målsetjinga med kurset har ifylgje Hundeide (2001) vore å gjere foreldre meir medvitne eigen foreldrepraksis, og det i seg sjølv kan vere med på å utløyse endringar (Hundeide, 2001, s. 49).

### 8.3.2 Betydninga av individuell rettleiing

For at kommunane skal utføre plikta dei har til å utøve obligatorisk foreldrerettleiing i introduksjonsprogrammet, må mindre kommunar innimellom arrangere kurs for nokre flyktingar separat, fordi det somme tider kan vere få i kvar språkgruppe. Det kan føre til at nokre minoritetsforeldre eller einslege får rettleiar for seg sjølv, slike mine informantar fekk. Dette kan medverke til dei positive konsekvensane som eg skriv om her. Ifylgje Sønsterudbråten og Bjørnset (2018) er rettleiing eit relasjonelt arbeid, og ei vellukka gjennomføring av rettleiing vil såleis hengje saman med etablert tillit, både foreldra imellom og mellom foreldra og rettleiar (s. 9). Sønsterudbråten og Bjørnset (2018) peikar på at dersom ein som rettleiar førebur seg på å vise sine sårbare sider og utfordringar tidleg i kurset, vil dette kunne påverke etableringa av eit tillitsforhold (s. 59). Å by på seg sjølv vil altså ifylgje Sønsterudbråten og Bjørnset (2018) føre til at deltakarane også kjenner seg komfortable nok til å dele sine utfordringar. Slik eg ser det, vil det vere ein styrke ved utøving av både individuell rettleiing, men òg i gruppe. Parallelt vil det kanskje opplevast som ei utfordring for rettleiar, samstundes som ein kan oppleve at kommunikasjonen vil flyte betre. Alle informantane i studien hadde rettleiar for seg sjølv, anten som enkeltforeldre eller foreldrepar. Ein veit ikkje kor mykje dette har hatt å seie for foreldra sitt høve til å bli forstått av rettleiaren, samt høve til å spørje, reflektere og diskutere. Det kan tenkjast at rettleiaren har hatt høve til å skreddarsy kurset meir enn rettleiarar i grupper har. Det kan også vere at rettleiar har lukkast i å oppfylle dei sju ulike prinsippa for sensitivisering ved gjennomføringa av kurset, og at dette kan ha hatt innverknad på korleis deltakarane reflekterer over eigen praksis (Egebjerg et al., 2016, s. 94; Hundeide, 2001, s. 51-60). Det er i utgangspunktet utelukkande positivt.

På den andre sida kan ein også diskutere betydninga av individuell rettleiing i lys av akkulturasjonsprosessar, jamfør Berry (2022, s.3). Ein veit ikkje kor mykje foreldra har tileigna seg av den norske kulturen sidan dei kom til landet, og kor mykje kurset eventuelt har bidrege med. Nadia fortel at ho fekk særskilt bistand til flyktningspesifikke utfordringar gjennom kurset. Strukturen i kvardagslivet vart skipla i samband med flukta, og kurset var ei hjelp til å få dette på plass.

På grunn av krig måtte Nadia sin familie leve i transnasjonal splitting, og far var ikkje lengre

ein ressurs i dagleglivet. Krigshandlingane i heimlandet og far sitt alkoholforbruk fekk også konsekvensar for ho og barna, og Nadia tok kontakt med rettleiaren sin for hjelp til dette. Slik hjelp, gjennom ikkje-planlagde samtalar med rettleiar hadde kanskje ikkje kome fram i ei gruppe med fleire deltakarar. Det kan indikere at kurset har bidrege utover si hensikt, ved å få ekstra bistand og støtte frå ein «eigen» rettleiar som ein har fått moglegheit til å opparbeide god relasjon og tillit til. Nadia er nok ikkje den einaste mora med problem som skriv seg frå krig, flukt og transnasjonal familiesplitting. Individuell ICDP-rettleiing er i utgangspunktet ei nødløysing for små kommunar, men kan i slike tilfelle bli ein ressurs for foreldre som treng hjelp til flyktningsspesifikke utfordringar.

## 9. Oppsummering og implikasjonar for praksis og vidare forskning

Problemstillinga i denne studien innebar å få innsikt i minoritetsforeldre sine erfaringar med obligatorisk ICDP-rettleiing, og korleis det eventuelt har påverka deira foreldrerolle. Gjennom informantane sine utsegner har ein fått meir kunnskap om korleis dei erfarte å delta på obligatorisk ICDP-kurs og korleis dei oppfatta skilnader i samfunnssystem og kultur. Dette innebar mellom anna skilnader i oppseding, familieformer, kjønnsroller og barnevern.

Foreldra sine rapporterte endringar i foreldrepraksis indikerer at ICDP som eit universelt førebyggjande tiltak kan ha hatt positiv innverknad på minoritetsforeldra si foreldrerolle, trass i at programmet er obligatorisk. Foreldra rapporterte om betra foreldrestrategiar, der informantane særskilt trekte fram betra kommunikasjon som døme. Foreldra fortel om meir fokus på å lytte til og kommunisere med barna no enn tidlegare, og om auka tolmodigheit i møte med barna. I tillegg ser det ut til at informantane har tileigna seg ny rutinestruktur i kvardagen. Oppsummert indikerer funna at foreldra er vortne meir medvitne sin eigen foreldrepraksis, og har tileigna seg nyttige strategiar gjennom ICDP-kurset som kan ha fått positive følgjer for deira relasjon, kommunikasjon og samspel med barna.

Rettleiarar i dei obligatoriske ICDP-kursa i introduksjonsprogrammet bør ha spesifikke

kunnskap om integrering, ulike oppsøgingsstrategiar og den utbreidde frykta for barnevernet blant minoritetsforeldre. Fordelane ved at rettleiarar har denne viktige kunnskapen er mange, og kan gje auka forståing for minoritetsforeldra sin kultur og bakgrunn, integreringsprosess, måtar å opptre på, samt oppsøke barn på – både i heimlandet og i Noreg. Med bakgrunn i informantane sine utsegn i denne studien, forstår ein også lettare kvifor så mange fryktar det norske barnevernet.

Under visse føresetnader er det difor grunn til å halde fram med obligatoriske kurs i introduksjonsprogrammet. Ein føresetnad for slike obligatoriske kurs bør vere kultursensitive rettleiarar. Ein svakheit ved gjennomføring av kurset er at det kan vere lett å leggje føringar på deltakarane, og at ein ved avsporingar undervegs i programmet, som regel prøver å få deltakarane tilbake på ICDP-sporet og tilhøyrande tema. Det er viktig å kontinuerleg evaluere målsetjinga til ICDP opp mot praksis, for å best kunne ivareta framtidige deltakarar. Deltakarane skal ikkje kjenne på at dei vert undertrykte eller at deira verdiar er mindre verdt. Ein må som rettleiar vere medviten å ivareta desse omsyna. Den overordna målsetjinga til ICDP om «barnets beste» er god, men det kan likevel stillast spørsmål ved om ein gjennom desse kursa signaliserer at minoritetsforeldre er dårlegare skikka i foreldrerolla enn norske foreldre. Dette er ei problemstilling norske myndigheiter bør sjå nærare på. Med dette som utgangspunkt bør ein i jamlege evalueringar fylgje med i korleis utføringa av programmet er lagt opp, særskilt med tanke på at det vert skapt eit uheldig maktforhold ved at kurset er obligatorisk og at deltakarane får lønstrekk ved fråvær.

At enkeltforeldre og enkelte foreldrepar i denne studien har fått rettleiar for seg sjølv, var i utgangspunktet ei nødløysing for små kommunar. Funna i studien tyder på at ein bør sjå på dette som positivt. Ein kan anta at det har vore ein fordel for informantane at dei har fått rettleiar for seg sjølv, og at det kan ha fått dei til å kjenne seg forstått av rettleiar og dermed fått høve til å dele erfaringar, spørje, reflektere og diskutere undervegs. Det kan tenkast at det er lettare å oppnå ein tillitsbasert relasjon gjennom individuell rettleiing. Dette kan ha vore ei av årsakene til at informantane har positive erfaringar med ICDP-kurset, sjølv om det er obligatorisk. Relasjonen til rettleiar kan ha fleire fordeler. Studien viser tilfelle av at relasjonen som utviklar seg ved individuell eller foreldrepar-rettleiing danna grunnlag for samtalehjelp til flyktningspesifikke foreldreutfordringar.

På grunnlag av denne studien ser ein at det kan vere behov for ytterlegare kvalitativ forskning på feltet for få fram enno fleire erfaringar knytt til det obligatoriske aspektet ved ICDP. Det vil også vere føremålstenleg å få meir innsikt i kva erfaringar minoritetsforeldre har om langtidseffekten av kurset.

## Litteraturliste

- Barne- og likestillingsdepartementet. *Trygge foreldre, trygge barn. Regjeringens strategi for foreldrestøtte* (2018-2021). [bld foreldrestotte strategi 21juni18.pdf \(regjeringen.no\)](#)
- Berg, B., Paulsen, V., Midjo, T., Haugen, G. M. D., Garvik, M., & Tøssebro, J. (2017). *Myter og realiteter. Møter mellom barnevernet og innvandrere*. NTNU Samfunnsforskning.
- Berry, J. W. (2005). Acculturation: Living successfully in two cultures. *International Journal of Intercultural Relations*, 29 (2005) 697-712. DOI: doi:10.1016/j.ijintrel.2005.07.013
- Berry, J. W. (2022). Family and youth development: Some concepts and findings linked to the ecocultural and acculturation models. *Societies*, 2022, 12, 181. <https://doi.org/10.3390/soc12060181>
- Bjørnstad, S. (2015). International Child Development Programme (ICDP). Regionsenter for barn og unges psykiske helse (RBUP) Rapport: [RBUP-rapport-Silje-Bjørnstad.pdf \(usercontent.one\)](#)
- Brekke I., Skjønberg E.E., Smith R., Røsand G.M., Holt T., Aarø L.E., Helland M.S., Røysamb E., Grimstad I., Aase H. (2021). *Effektevaluering av International Child Development Programme (ICDP). En randomisert kontrollert studie. Effect evaluation of the International Child Development Programme (ICDP). A randomized controlled study. Rapport 2021*. Oslo: Folkehelseinstituttet, 2021. [ICDP effektevaluering, Brekke et al 2021.pdf](https://www.faf.no/images/pub/2019/20698.pdf) <https://www.faf.no/images/pub/2019/20698.pdf>
- Bråten, B., Sønsterudbråten S. (2016). *Foreldreveiledning – virker det? En kunnskapsstatus*. Fafo-rapport 2016:29.
- Egebjerg, I., Johnsen, A. & Flakk, G. (2016). *Håndbok for ICDP-veiledere*. Oslo: Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.
- Eide, K., Qureshi, N. A., Rugkåsa, M., Vike, H. (Red). (2009). *Over profesjonelle barrierer. Et minoritetsperspektiv i psykososialt arbeid med barn og unge*. Gyldendal akademisk.
- Eriksen, T. H. & Sajjad, T. A. (2015). *Kulturforskjeller i praksis. Perspektiver på det flerkulturelle Norge* (6.utg.). Gyldendal akademisk.
- Friberg, J. H. & Bjørnset, M. (2019). *Migrasjon, foreldreskap og sosial kontroll*. FAFO-rapport 2019:01. <https://www.faf.no/images/pub/2019/20698.pdf>
- Fylkesnes, M. K., Iversen, A. C., Bjørknes, R. & Nygren, L. (2015). Frykten for barnevernet ; en undersøkelse av etniske minoritetsforeldres oppfatninger. *Tidsskriftet Norges barnevern*, 92(2), 80-96.

- Halkier, B. (2010). *Fokusgrupper*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS
- Handulle, A., & Vassenden, A. (2023). Transmission of child removal stories among Norwegian Somalis: an interactionist analysis of ethnic minority parents' fears of child welfare services. *Acta Sociologica*, <https://journals.sagepub.com/doi/pdf/10.1177/00016993231177548>
- Hundeide, K. (2001). *Ledet samspill fra spedbarn til skolealder: Håndbok til ICDPs sensitiviseringsprogram* (2. Utg). Vett og Viten
- Hundeide, K. (2003). *Barns livsverden: Sosiokulturelle rammer for barns utvikling*. Cappelen Akademisk Forlag.
- Hundeide, K. (2005). ICDP-programmet – et relasjonsorientert og empatibasert program rettet imot barns omsorgsgivere. *Skolepsykologi*, nr. 7. [ICDP 9-26 \(fpkf.no\)](https://www.fpkf.no/ICDP-9-26)
- Hundeide K. (2009). *ICDP for veiledere som arbeider med minoritetsforeldre*. Stiftelsen ICDP international.
- Høy-Petersen, N., Selstø, A., Helleve, A., Kaldager Hart, R. (2023). *Følgeevaluering av ICDP veiledning for foreldre med ungdommer*. Rapport 2023. Oslo: Norwegian Institute of Public Health (FHI). [Følgeevaluering av ICDP veiledning for foreldre med ungdommer \(fhi.no\)](https://www.fhi.no/folgeevaluering-av-icdp-veiledning-for-foreldre-med-ungdommer)
- ICDP (2022). [Hjem – ICDP Norge](https://www.icdp.no/)
- Integreringsforskriften (2022). *Forskrift til integreringsloven*. FOR-2020-12-15-2912. Lovdata.
- Justis- og beredskapsdepartementet. (2018). *Personopplysningsloven*. Hentet fra <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-15-38>
- Javò, C. (2010). *Kulturens betydning for oppdragelse og atferdsproblemer: transkulturell forståelse, veiledning og behandling*. Universitetsforlaget.
- Jenssen, D. (2021). *Vitskapsteori i sosialt arbeid. Tilnærmingar og normative spørsmål*. Samlaget.
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2021). *Det kvalitative forskningsintervju*. (3. utg). Gyldendal.
- Malterud, K. (2002). Kvalitative metoder i medisinsk forskning – forutsetninger, muligheter og begrensninger. *Tidsskriftet den norske legeforening*, 122: 2468-72. [Kvalitative metoder i medisinsk forskning – forutsetninger, muligheter og begrensninger | Tidsskrift for Den norske legeforening \(tidsskriftet.no\)](https://www.tidsskriftet.no/kvalitative-metoder-i-medisinsk-forskning-forutsetninger-muligheter-og-begrensninger)
- Malterud, K. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder for medisin og helsefag*. (4. utg.). Universitetsforlaget



- Meld. St. 15 (2022-2023). *Folkehelsemeldinga – Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar*. Det kongelige helse- og omsorgsdepartement. [Meld. St. 15 \(2022–2023\) \(regjeringen.no\)](https://www.regjeringen.no)
- Patras, J., Saus, M., Douglas, M. *et al.* Parenting interventions for families with refugee backgrounds: a randomized factorial, mixed-methods design study protocol. *Trials* **22**, 790 (2021). <https://doi.org/10.1186/s13063-021-05766-9>
- Rambøll Management Consulting (2020). *Foreldreveiledning til deltagere i introduksjonsprogram*. Integrerings- og mangfoldsdirektoratet. [foreldreveiledning-til-deltakere-i-introduksjonsprogram.pdf \(imdi.no\)](https://www.imdi.no/foreldreveiledning-til-deltakere-i-introduksjonsprogram.pdf)
- Reime, M. A. (2017). Mellom uansvarlig og kompetent. Forståelser av barnet og rettighetspraksiser blant ansatte i barnevernsinstitusjoner. *Norges barnevern* 1:94, 22-39, DOI: <https://doi.org/10.18261/issn.1891-1838-2017-01-03>
- Reedtz, C. & Lauritzen, C. (2017). Kunnskapsoppsummering og klassifisering av tiltaket ICDP (2.utg.). *Ungsinn*, 2:5. Henta frå: [https://ungsinn.no/post/tiltak\\_arkiv/icdp-2-utg](https://ungsinn.no/post/tiltak-arkiv/icdp-2-utg)
- Rugkåsa, M., Ylvisaker, S., Eide, K. (2017). *Barnevern i et minoritetsperspektiv – Sosialt arbeid med barn og familier*. Gyldendal akademisk.
- Rye, H. (2002). *Tidlig hjelp til bedre samspill*. (2.utg). Gyldendal akademisk.
- Sam, D. L. & Berry, J. W. (2010). Acculturation: When individuals and groups of different cultural backgrounds meet. *Perspectives on Psychological Science*, 5 (4) 472-481. <https://psycnet.apa.org/doi/10.1177/1745691610373075>
- Savosnick, G. & Olsvold, N. (2023). Endringer i pakistanske og somaliske mødres oppdragspraksis etter deltakelse i foreldreveiledningsprogrammet International Child Development Programme (ICDP). *Fokus på familien*, 3-2023 (197-215). DOI: <https://doi.org/10.18261/fokus.51.3.3>
- Sherr, L., Solheim Skar, A.M., Clucas, C., Von Tetzchner, S. & Hundeide, K. (2011). *Evaluation of the parental guidance programme based on the International Child Development Programme*. Rapport, 2011. Henta frå: [Evaluation of the Parental guidance program Based on the International Child Development Program \(regjeringen.no\)](https://www.regjeringen.no/evaluation-of-the-parental-guidance-program-based-on-the-international-child-development-program)
- Sherr, L., Solheim Skar, A.M, Clucas, C., Von Tetzchner, S. & Hundeide, K. (2014). Evaluation of the International Child Development Programme (ICDP) as a community-wide parenting programme. *European Journal of Developmental Psychology*, 11:1, 1-17, DOI: <https://doi.org/10.1080/17405629.2013.793597>
- Sikt. (2024, 29. januar). *Personverntenester for forskning*. Henta frå: [Personverntjenester for forskning \(sikt.no\)](https://www.sikt.no/personverntenester-for-forskning)

- Solheim Skar, A.M., Von Tetzchner, S., Clucas, C., & Sherr, L. (2014). The impact of a parenting guidance programme for mothers with an ethnic minority background. *Nordic Journal Of Migration Research*, 4(3), 108-117. DOI: [133-1-263-1-10-20200331.pdf \(storage.googleapis.com\)](https://doi.org/10.1080/133-1-263-1-10-20200331.pdf)
- Solheim Skar, A.M., Von Tetzchner, S., Clucas, C., & Sherr, L. (2015) The long-term effectiveness of the International Child Development Programme (ICDP) implemented as a community-wide parenting programme, *European Journal of Developmental Psychology*, 12:1, 54-68, DOI: [10.1080/17405629.2014.950219](https://doi.org/10.1080/17405629.2014.950219)
- Skytte, M. (2019). *Etniske minoritetsfamilier og sosialt arbeid* (3. utg). Gyldendal akademisk.
- Steen-Johnsen, T. & Skreland, L. L. (2023). Epistemic injustice in parenting support programme for refugees in Norway, *Families, Relationships and Societies*, XX(XX):1-16, DOI: <https://doi.org/10.1332/204674321X16687031331255>
- Sønsterudbråten, S. & Bjørnset, M. (2018). "It takes a village" - Evaluering av gruppeveiledning for foreldre som er bekymret for sine ungdommer. Rapport, 2018:23, FAFO.  
[«It takes a village» | Fafo-rapport 2018:23](#)
- Tembo, M. J., Studsrød, I. & Young, S. (2021). Governing the family: immigrant parents' perceptions of the controlling power of the Norwegian welfare system, *European Journal of Social Work*, 24:3, 492-503, DOI: <https://www.tandfonline.com/doi/full/10.1080/13691457.2020.1738349>
- Thornquist, E. (2018). *Vitenskapsfilosofi og vitenskapsteori for helsefag*. Fagbokforlaget.
- Tjora, A. (2021). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (4.utg). Gyldendal.
- Vike, H. & Eide. K. (2009). Kulturanalyse, minoritetsperspektiv og psykososialt arbeid. I Eide, K., Qureshi, N.A., Rugkåsa, M. & Vike, H. (Red.), *Over profesjonelle barrierer. Et minoritetsperspektiv i psykososialt arbeid med barn og unge*. (s. 13-37). Gyldendal.

## Vedlegg 1: Godkjenning frå Sikt

# Vurdering av behandling av personopplysninger

**Referansenummer**  
178600

**Vurderingstype**  
Standard

**Dato**  
16.01.2023

**Tittel**

Minoritetsforeldre sine erfaringar med foreldrerettleing i ICDP-gruppe

**Behandlingsansvarlig institusjon**

Høgskulen på Vestlandet / Fakultet for helse- og sosialvitenskap / Institutt for helse- og omsorgsvitenskap

**Prosjektansvarlig**

Kari Bergset

**Student**

Kine Øvstetun

**Prosjektperiode**

23.01.2023 - 01.01.2025

**Kategorier personopplysninger**

Alminnelige

Særlige

**Lovlig grunnlag**

Samtykke (Personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a)

Uttrykkelig samtykke (Personvernforordningen art. 9 nr. 2 bokstav a)

Behandlingen av personopplysningene er lovlig så fremt den gjennomføres som oppgitt i meldeskjemaet. Det lovlige grunnlaget gjelder til 01.01.2025.

[Meldeskjema](#)

**Kommentar**

OM VURDERINGEN

Sikt har en avtale med institusjonen du forsker eller studerer ved. Denne avtalen innebærer at vi skal gi deg råd slik at behandlingen av personopplysninger i prosjektet ditt er lovlig etter personvernregelverket.

**TYPE PERSONOPPLYSNINGER**

Prosjektet vil behandle alminnelige personopplysninger og særlige kategorier av personopplysninger om rasemessig eller etnisk opprinnelse.

**UTDYPENDE OM LOVLIG GRUNNLAG**

Prosjektet har 1 utvalg og vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake. Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

Behandlingen av særlige kategorier av personopplysninger er basert på uttrykkelig samtykke fra den registrerte, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 a og art. 9 nr. 2 a.

**DATABEHANDLER**

Ved bruk av databehandler (spørreskjemaleverandør, skylagring, videosamtale o.l.) må behandlingen oppfylle kravene til bruk av databehandler, jf. art 28 og 29. Bruk leverandører som din institusjon har avtale med.

**FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER**

Vi har vurdert at du har lovlig grunnlag til å behandle personopplysningene, men husk at det er institusjonen du er ansatt/student ved som avgjør hvilke databehandlere du kan bruke og hvordan du må lagre og sikre data i ditt prosjekt. Husk å bruke leverandører som din institusjon har avtale med (f.eks. ved skylagring, nettspørreskjema, videosamtale el.)

Personverntjenester legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

**MELD VESENTLIGE ENDRINGER**

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til oss ved å oppdatere meldeskjemaet. Se våre nettsider om hvilke endringer du må melde: <https://sikt.no/melde-endringer-i-meldeskjema>

#### OPPFØLGING AV PROSJEKTET

Vi vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!

## Vedlegg 2: Informasjonsskriv

### Vil du delta i forskingsprosjektet

#### ”Minoritetsforeldre sine erfaringar med foreldrerettleiingsprogrammet ICDP”?

##### Kvifor spør vi deg?

I dette mastergradsprosjektet vil vi finne ut kva erfaringar minoritetsforeldre har med ICDP-kurs, og om det har påverka deira foreldrerolle. Vi har lyst å snakke med 5 personar i kommunen som har delteke på ICDP-kurs, og håpar du vil vera med!



Forskingsspørsmålet er:

**«Kva erfaringar har minoritetsforeldre med obligatorisk ICDP-rettleiing, og korleis har det påverka deira foreldrerolle?»**

##### Kven vil snakke med deg?

Kine Øvstetun

##### Kvar skal vi snakke?

Kine Øvstetun vil finne eit møterom i sentrum, der vi kan snakke saman. Viss du har lyst å være med i forskningsprosjektet, må du skrive under på siste ark i dette brevet, og då vil Kine ta kontakt med deg for å avtale tid.

##### Kva skjer viss du vil vere med?

Viss du har lyst å delta i forskingsprosjektet, vil vi ha eit intervju med deg. Eit intervju er ein samtale der vi stiller deg ulike spørsmål. Spørsmåla vil handle om ICDP-kurset og barneoppseding. Både Kine Øvstetun og tolk som snakkar ditt morsmål vil være med under intervjuet, og vi vil gjere lydopptak av intervjuet. Intervjuet vil ta ca. 1,5 time.

##### Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Det betyr at du kan velja sjølv om du har lyst å vera med eller ikkje. Ingen andre kan velje dette for deg. Det er berre du som kan samtykke. Samtykke

betyr at du seier at du synast noko er greitt.

Viss du vil delta, kan du når som helst trekke samtykket tilbake utan å oppgje nokon grunn. Det betyr at det er lov å ombestemme seg, og det er heilt i orden. All informasjon om deg vil då bli sletta. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg viss du ikkje vil delta eller om du først seier «ja» og så «nei». Ingen vil bli sur eller lei seg, og det vil ikkje ha noko å seie for jobben din.

### **Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og nyttar dine opplysningar**

Vi vil berre bruke informasjonen om deg til å finne ut kva erfaringar du har med ICDP-kurset, og om det har påverka di foreldrerolle.

Vi vil ikkje dele din informasjon med andre. Det er berre Kine Øvstetun og rettleiar Kari Bergset som har tilgang til informasjonen.

Vi passar på at ingen kan få tak i informasjonen som vi samlar inn om deg.

Vi lagrar all informasjon på ei sikker datamaskin.

Vi slettar lydopptak frå intervjuet når vi har skrive ned alt som vi har snakka om.

Vi passar på at ingen kan kjenne deg att når vi skriv om forskingsprosjektet. Vi vil til dømes finne opp eit anna namn når vi skriv om deg.

Vi følg lova om personvern.

### **Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?**

Vi er ferdige med forskingsprosjektet 01.01.2025. Då vil vi passe på at all informasjon om deg er sletta.

### **Dine rettar**

Du har rett til å sjå opplysningane vi har skrive om deg, sjølv om vi har funne opp eit nytt namn til deg. Dersom nokre opplysningar er feil, kan du seie frå om at vi skal rette dei. Du kan også klage til Datatilsynet dersom du synast at vi har handsama opplysningane om deg på ein uforsiktig måte, eller ein måte som ikkje er riktig.

### **Kva gir oss rett til å behandle personopplysningar om deg?**

Vi kan berre handsame informasjon om deg dersom du har sagt ja og signert samtykke.

### Kvar kan eg finne ut meir?

Hvis du har spørsmål om studien, kan du ta kontakt med:

- Kine Øvstetun – Mastergradsstudent og prosjektansvarleg. Tlf: 98 81 55 52.
- Kari Bergset – Prosjektansvarleg, førsteamanuensis og rettleiar ved HVL. Tlf: 57 67 62 82.
- Vårt personvernombud: Trine Anniken Larsen, [personvernombud@hvl.no](mailto:personvernombud@hvl.no). Tlf: 55 58 76 82.

Høgskulen på Vestlandet er behandlingsansvarleg institusjon. Høgskulen på Vestlandet har bede Personverntjenester sjå om prosjektet fyl lova om personvern. Personverntjenester har gjort dette, og meiner at vi fyl lova.

Hvis du har spørsmål knytt til Norsk senter for forskingsdata (NSD) si vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med NSD på e-post, [personverntjenester@sikt.no](mailto:personverntjenester@sikt.no) eller på telefon: 53 21 15 00.

Med venleg helsing  
Kine Øvstetun.

## Samtykke

Eg har lese og forstått informasjonen ovanfor.

Eg samtykker til å vere med i forskingsprosjektet:

**«Minoritetsforeldre sine erfaringar med foreldrerettleiingsprogrammet ICDP».**

**Dato:**

**Mitt namn:**

**Mitt telefonnummer:**

**Underskrift:**



# Vedlegg 3: INTERVJUGUIDE

Master i samhandling og folkehelse – Kine Øvstetun

**«Minoritetsforeldre sine erfaringar med ICDP-programmet i obligatorisk foreldrerettleiing».**

## **INNLEIING**

Presentasjon av tolk og informasjon om studien.

Presentasjon av intervjuar og deltakar.

Presisering av teieplikt, frivillig deltaking og publisering (dette er teke opp tidlegare ved samtykke til å delta i studien).

## **INTRODUKSJONSSPØRSMÅL**

Kan du fortelje kort om deg sjølv?

- Heimland og livet der
- Oppvekst og minner frå oppvekst
- Oppseding
- Familiesituasjon
- Deltaking i samfunnet – skule/jobb

## **OM EIGNE BARN**

Vil du skildre borna dine?

- Alder
- Kjønn
- Eigenskapar gode/mindre gode

## **OM KULTURSKILNADER**

- Vil du fortelje om dine opplevingar og erfaringar med norsk kultur?
  - Introduksjonsprogram, barnehage, skule, systemforståing
  - På kva måte er livet i Noreg ulikt/likte frå heimlandet?
- Kva tankar har du om å vere forelder i Noreg?
- Korleis trur du det blir for borna dine å vekse opp i Noreg?
- Har du som forelder og borna fått norske vener eller knytt eit nettverk i Noreg?

## ICDP-PROGRAMMET

- Vil du fortelje om korleis det var å snakke om barn og barneoppseding gjennom ICDP-programmet?
- Kva tenkte du då du høyrde om ICDP-kurset, og at det no er obligatorisk å delta?
- Var det eit tema du likte særskilt godt?  
– **Med utgangspunkt i åtte tema for godt samspel med barn!**
- Var det eit tema du ikkje likte særskilt godt?
- Var det ei øving du likte særskilt godt?
- Var det ei øving du ikkje likte særskilt godt?
- Var det tema du syns det var vanskeleg å snakke fritt om? På kva måte?
- Korleis opplevde du relasjonen mellom deg som deltakarar og rettleiar?

## ICDP OG BETYDNING

- Fortel litt om relasjonen med barnet ditt?
  - Opplever du endringar i dykkar relasjon/samspel i etterkant av kurset?
  - Har du sett endring i barnet si åtferd etter å bli bevisstgjort på 8 tema for godt samspel?
- Kva tenkjer du om di rolle som forelder?
  - Har det endra seg etter kurset?
- Fortel kva ICDP-programmet fortalde deg om måten barn blir sett og oppseda på i Noreg.
  - Er dette annleis enn i ditt heimland?
- Fortel meg kva for ny kunnskap og erfaringar du sit att med etter deltaking i ICDP-programmet.
- Kva var det viktigaste ICDP-kurset lærte deg?
- Er det noko du skulle ynskja vart gjort annleis gjennom ICDP-programmet? Eventuelt kva?

## TILLEGGSSPØRSMÅL

Er det noko som eg ikkje har spurt om, eller som vi ikkje har vore inn på som du ynskjer å tilføye?